

Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

**St. meld. nr. 92.  
(1972—73)**

**NORSK KULTURFOND — ÅRSMELDING 1972.**

## Norsk kulturfond — Årsmelding 1972

### INNHOLD

	Side
<b>Kap. I. Organisasjon og verksemد</b> .....	5
Rådets samansetjing 1969—72 .....	5
Vedtekter for Norsk kulturfond .....	5
Retningsliner for bruken av midlar frå Norsk kulturfond .....	6
Reglement for Norsk kulturråd .....	6
Møte i Arbeidsutvalet .....	6
Møte i Rådet .....	7
Andre møte, konferansar og seminar .....	7
Utvål og utgreiingar .....	7
Tilrådingar og fråsegner frå Norsk kulturråd til Kyrkje- og undervisningsdepartementet .....	9
Samarbeid med andre institusjonar .....	9
Reiser og representasjon .....	10
Norsk kulturråds ærespris 1972 .....	11
<b>Kap. II. Koordinering med statsbudsjettet</b> .....	11
<b>Kap. III. Tilskott</b> .....	14
Innleiing .....	14
Søknadsoversyn pr. 31. desember 1972 .....	14
Litteratur .....	15
Musikk .....	21
Biletkunst og brukskunst .....	25
Film .....	31
Kulturvern .....	31
Kulturbrygg .....	36
Tidsskrift og periodiske publikasjonar .....	38
Samisk kultur .....	39
Utvål og utgreiingar .....	40
Andre formål .....	40
<b>Kap. IV. Administrasjon</b> .....	43
<b>Kap. V. Økonomisk samandrag</b> .....	44
Landsdelsoversyn .....	46
<b>Vedlegg nr. 1—15</b> .....	55

**St.meld. nr. 92.**  
**(1972—73)**

**Norsk kulturfond — Årsmelding 1972.**

*Tilråding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet av 4. mai 1973,  
godkjend ved kongeleg resolusjon same dag.*

(Målбoren av statsråd Anton Skulberg.)

I St.prp. nr. 130 for 1964—65, Om vedtekter for Norsk kulturfond og retningslinjer for bruk av fondets midler, heiter det i punkt 1, Vedtekter for Norsk kulturfond, § 5, at «Kirke- og undervisningsdepartementet skal hvert år gi melding til Stortinget om Norsk kulturfonds virksomhet i foregående budsjettår».

Norsk kulturråd har sendt årsmelding, vedteken i møte 29.—30. mars 1973, til Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Meldinga har fem kapittel. Rådet gjer greie for dei retningslinene som ligg til grunn for arbeidet i Rådet, dei røynslene som er gjorde og om korleis midlane frå fondet i 1972 er fordelte.

Hovudfordelinga av fondsmidlane blir fastsett ved kongeleg resolusjon etter tilråding frå rådet, medan rådsvedtak om tilskott frå dei avsette rådveldesummane blir sende departementet til godkjenning. Denne ordninga har m. a. kome i stand for å samordne stønadstiltak frå fondet med løyvingane over statsbudsjettet. Meldinga gjer òg greie for samarbeidet med andre institusjonar.

Når det gjeld administrasjonen, har det i 1972 vore 11 fast organiserte stillingar (jfr. stortingsvedtak av 30. november 1971). Direktøren er tilsett på åremål.

I samsvar med retningslinene har Kulturrådet i arbeid fleire og mellombels ut-

val. Ymse tilrådingar og fråsegner er lagde fram for Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

I oktober 1972 arrangerte Kulturrådet i samarbeid med Norske Kommuners Sentralforbund ein konferanse på Fagernes om kulturadministrasjon i fylke og kommunar. Det var nært samarbeid mellom Kulturrådet og Kulturavdelinga i Kyrkje- og undervisningsdepartementet om konferansen, som vart styrt av formannen, ekspedisjonssjef Leif J. Wilhelmsen, og ekspedisjonssjef Johs. Aanderaa. Rapporten frå konferansen har vore prenta som bok og er send Stortinget og alle fylke og kommunar og andre instansar.

Fra terminen 1972 vart Rikskonsertane skipa som eigen statsinstitusjon, jfr. kap. 359 i statsbudsjettet.

På bakgrunn av dette har styret i Rikskonsertane utarbeidd forslag om endringar i vedtekter og instruksar. Etter samråding med departementet er dei nye vedtekten og instruksane godkjende og sette i verk i 1972.

Det er framleis nært samarbeid mellom Rådet og Rikskonsertane. Til dømes har Rikskonsertane teke på seg å administrere forsøksverksemda med tilskott til debutkonserter for unge norske musikarar. Tilskott til denne verksemda blir gitt av fondsmidlar.

**St.meld. nr. 92.**  
**Norsk kulturfond — Årsmelding 1972**

1972—73

Rikskonsertane er òg sakkunnige for Kulturrådet når det gjeld tilskott til innkjøp av instrument.

Når det gjeld innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur, har ein i 1972 kome fram til ein revidert avtale mellom Norsk kulturråd, Den norske Forleggerforening, Norsk Forleggersamband og Den norske Forfatterforening for innkjøp av ny lyrikk. Den nye avtalen tek til å gjelde frå og med 1973.

Eit eige sekretariat for registrering av faste kulturminne i Noreg har vore i verksemd frå byrjinga av 1973, etter at det 20. mars 1972 vart skipa styre for verksemda.

I 1972 sette Kulturrådet for første gong av midlar på eit eige kapittel til samisk kultur.

Rådet meiner at det vil vere naturleg å vurdere retningslinene for bruk av kulturfondsmidlar i samanheng med den kulturmeldinga som Kyrkje- og undervisningsdepartementet skal leggje fram for Stortinget.

For 1972 vart det løyvt 23,5 mill. kroner til Norsk kulturfond. Løyvinga vart ved kongelig resolusjon 18. februar 1972 fordelt til desse formåla:

Litteratur .....	kr. 5 300 000
Musikk .....	» 1 600 000
Biletkunst og brukskunst	
a) Kunstarleg utsmykking..	» 1 650 000
b) Andre tiltak .....	» 1 650 000
Film .....	» 350 000
Kulturvern .....	» 3 200 000*)
Kulturbygg .....	» 7 000 000
Tidsskrift .....	» 300 000
Samisk kultur .....	» 300 000
Utgreiingar .....	» 400 000
Andre formål .....	» 1 050 000
Administrasjon .....	» 900 000
I alt .....	kr. 23 700 000*)

\*) Kr. 200 000 vart overført frå 1971.

Kyrkje- og undervisningsdepartementet

tilrår :

Avtrykk av tilrådinga frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet, dagsett 4. mai 1973 om Norsk Kulturfond — Årsmelding 1972, blir sendt Stortinget.

## Norsk kulturfond — Årsmelding 1972.

### Kap. I. Organisasjon og verksemd.

Norsk kulturråd legg med dette fram si åttande årsmelding, i samsvar med det som er fastsett av Kyrkje- og undervisningsdepartementet (St.prp. nr. 130, III, C, Om anvendelse av Kulturfondets midler):

«Ved begynnelsen av hvert budsjettår fremmes melding til Stortinget om Kulturfondets virksomhet i det foregående år.»

#### Rådets samansetjing 1969—72.

Norsk kulturråd er oppretta i samsvar med St.prp. nr. 1, Tillegg nr. 1 for 1964—65. Det har 7 medlemmer oppnemnde ved kongeleg resolusjon og 4 medlemmer oppnemnde av Stortinget, alle for 4 år.

#### Oppnemnde ved kongeleg resolusjon for 1969—72:

Ekspedisjonssjef Leif J. Wilhelmsen, Oslo.  
Varamann: Stortingsmann Lars Roar Langslet, Oslo.

Pianisten Kjell Bækkelund, Oslo.

Varamann: Komponisten Egil Hovland, Fredrikstad.

Teatersjef Hans Heiberg, Oslo.

Varamann: Forfattaren Thorbjørn Egner, Oslo.

Museumsdirektør Fartein Valen-Sendstad, Lillehammer.

Varamann: Førstekonservator Jan Hendrich Lexow, Stavanger.

Målarinna Eli Silseth, Oslo.

Varamann: Skodespelarinna Sølv Wang, Oslo.  
Forfattarinna Halldis Moren Vesaas, Ytre Vinje.

Varamann: Redaktør Per Håland, Bergen,  
Skolestyrar (frå 1972 museumslektor) Bjørn Aarseth, Karasjok.

Varamann: Førstekonservator Kåre Landmark, Tromsø.

#### Oppnemnde av Stortinget:

Dosent Kjell Bondevik, Bergen.

Varamann: Fylkesskolesjef Olaf Kortner.

Professor Edvard Bull, Trondheim.

Varamann: Direktør Kjølv Egeland, Stavanger.

Statsråd Bjartmar Gjerde, Oslo.\*)

Varamann: Husmor Marie Lovise Vidnes Johansen, Hareid.\*)

Rektor Håkon Stenstadvold, Oslo.

Varamann: Forfattarinna Elisabeth Dored, Berloga pr. Halden. \*\*)

Formann oppnemnd ved kongeleg resolusjon:  
Ekspedisjonssjef Leif J. Wilhelmsen.

Nestformann oppnemnd ved kongeleg resolusjon:  
Museumsdirektør Fartein Valen-Sendstad.

**Vedtekter for Norsk kulturfond,**  
fastsette av Stortinget 19. juni 1965.  
(Omsette frå St.prp. nr. 130, 1964—65.)

#### § 1.\*\*\*)

Norsk kulturfond som er skipa i samsvar med stortingsvedtak av 11. desember 1964, har til formål å fremje kunst og kulturvern. Stortinget løyver kvart år midlane til fondet.

#### § 2.

Norsk kulturfond har til formål å stimulere skapande åndsliv i litteratur og kunst, verne den norske kulturarven og arbeide for at flest mogleg skal få del i kulturgoda.

#### § 3.

Midlane til Norsk kulturfond blir forvalta av Finansdepartementet, og disponert ved kongeleg resolusjon etter tilråding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet, og i samsvar med retningsliner som Stortinget har fastsett.

#### § 4.

Norsk kulturråd gir tilråding om fordeling av fondsmidlane og har ansvaret for dei summar som ved fordelinga blir stilte til rådvelde for Rådet.

#### § 5.

Kyrkje- og undervisningsdepartementet skal kvart år gi melding til Stortinget om Norsk kulturfonds verksemd i budsjettåret før.

\* ) Husmor Marie Lovise Vidnes Johansen var frå 1. april 1971 fast medlem av Rådet, da statsråd Gjerde ikkje møtte i Rådet den tida han var medlem av Regjeringa.

\*\*) Elisabeth Dored døydde i september 1972.

\*\*\*) Endra ved Stortingsvedtak av 30. november 1967.

**Retningslinjer for bruken av midlar frå  
Norsk kulturfond.**

Ramma for verksemda til fondet er kunst og kulturvern. Dei tiltak som Rådet gjer, bør ha det doble siktemålet å stimulere kunsten og kulturvernet, og samstundes gjere kunst- og kulturverdiane tilgjengelege for så mange som råd er. Innanfor denne ramma må Rådet til kvar tid vurdere kva for oppgåver som bør prioriterast. Det er føresetnaden at Rådet skal leggje særskild vekt på:

- a. Tiltak til å fremje norsk litteratur. Det er utarbeidd særlege reglar for bruk av midlar til slike tiltak.
- b. Tiltak til å fremje norsk musikkliv.
- c. Tiltak til å fremje norsk biletkunst, og kjøpe inn biletkunst til offentlege kunstsamlingar og til offentleg utsmykking.
- d. Tiltak til å fremje norsk filmkunst.
- e. Tiltak til å skape betre utdanningsvilkår for norske kunstnarar, såleis også betre høve til vidare utdanning.
- f. Kulturverntiltak, såleis også vern av samisk kultur.
- g. Stønad til finansiering av kulturygg.
- h. Tiltak som er med og skapar eit rikare kulturmiljø i bygd og by, og ei vakrare utforming av omgivnaden vår.
- i. Tiltak som kan gi lettare tilgjenge til god kunst og skape auka skjønsem for dei verde den gir.
- j. Initiativ og stønad til større kulturelle eingongstiltak, som t. d. kunstnarlege innslag i nasjonale jubile og minnehøgtider, og større eingongsturnear frå kunstinstitusjonar.

**Reglement for Norsk kulturråd**  
fastsett ved kongeleg resolusjon  
27. august 1965.

**§ 1.**

Norsk kulturråd er oppretta i samsvar med stortingsvedtak av 11. desember 1964.

**§ 2.**

Rådet skal ha 11 medlemmer med personlege varamenn, av desse skal 4 medlemmer med varamenn oppnemast av Stortinget og 7 medlemmer med varamenn av Kongen etter tilråding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet, alle for 4 år om gongen. Kongen nemner opp formann og nestformann i Rådet.

**§ 3.**

Rådet kan oppnemne eit arbeidsutval på opp til 5 medlemmer, der formannen og nestformannen er med. Rådet kan òg setje ned

utval til å arbeide med særskilte saker eller saksområde. Dersom det i slike utval blir oppnemnt personar som ikkje er medlemmer av Rådet, må oppnemninga godkjennast av departementet.

**§ 4.**

Rådet har til oppgåve å arbeide for kunst og kulturvern i samsvar med dei vedtekter for Norsk kulturfond og dei retningslinjer som Stortinget fastset. Det er rådgjevande organ for Kyrkje- og undervisningsdepartementet i saker som gjeld Norsk kulturfond og skal gi fråsegner i andre spørsmål som departementet legg fram for det, eller som Rådet sjølv ønskjer å ta opp.

Rådet skal kvart år gi tilråding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om fordeling av midlar som blir løyvde til Kulturfondet. Det har ansvaret for bruken av dei midlane som ved fordelinga blir stilt til rådvelde for Rådet.

Rådet skal innan 15. februar gi melding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om verksemda i fondet i året som gjekk.

**§ 5.**

Rådet held møte minst 2 gonger i året. Ellers kan Rådet kallast inn til møte når formannen, 2 medlemmer eller departementet meiner det er ønskjeleg.

Arbeidsutvalet har møte så ofte det er naudsynt eller 2 medlemmer bed om det.

Rådet og arbeidsutvalet er vedtaksføre når minst helvta av medlemmene er til stades. Ved røysting blir sakene avgjort ved vanleg flertal. Står røystene likt, er det røystinga til formannen som avgjer utfallet.

Rådet og arbeidsutvalet skal føre møtebok. Utskrift av møtebøkene skal sendast rådsmedlemmene og varamennene etter kvart møte.

**§ 6.**

Rådet drøfter og avgjer alle viktige saker, eventuelt etter at dei er førebudde av arbeidsutvalet, og tek avgjerd om kva slags saker som kan gå til arbeidsutvalet til avgjerd eller fråsegn.

Alle tilrådingar skal vere grunngjevne. Vedtak i arbeidsutvalet skal leggjast fram for Rådet i neste møte.

**§ 7.**

Utgifter til rådmøte, administrasjon og sekretariat skal dekkjast av fondet.

**Møte i Arbeidsutvalet.**

Arbeidsutvalet var i 1969—72 desse 5:  
Leif J. Wilhelmsen, Fartein Valen-Sendstad,

Kjell Bækkelund, Hans Heiberg og Håkon Stenstadvold.

Varamenn: Halldis Moren Vesaas, Bjartmar Gjerde. Sidan 1. april 1971, da Bjartmar Gjerde vart utnemnd til statsråd, fungerte Kjell Bondevik som varamann i staden for Gjerde.

Arbeidsutvalet har hatt 3 møte: 15. februar, 7. april og 19. september. Nokre saker som det hasta svært med har Arbeidsutvalet gjort vedtak om ved brevskifte (11. oktober og 27. oktober).

Arbeidsutvalet har på møta gjort vedtak om tilskottssaker på kr. 25 000 eller mindre innanfor ramma av avsetjingane, og har elles førebudd saker for Rådet.

Dei einskilde medlemmene av Arbeidsutvalet har på same måten som dei førre åra teke på seg å førebu saker i samarbeid med administrasjonen, og gi tilråding til Rådet om løyvingar.

#### **Møte i Rådet.**

Rådet har i alt hatt 13 møte: 21. og 22. januar, 17. og 18. mars, 28. april, 9., 10. og 11. juni, 30. august, 5. og 6. oktober, 16. november og 13. desember.

Til møtet 5. oktober var varamennene innkalla i samsvar med den praksis Rådet følgjer ein gong kvart år. Møta 9.—11. juni vart haldne i Halden, Fredrikstad og i Moss. Desse møta vart kombinerte med omvisningar og med konferansar med ordførarar og formannskap.

Om kvelden 13 desember vart det halde eit større møte i Munch-museet i Oslo for å markere slutten på fireårs-perioden for dette Rådet. Forutan rådsmedlemmer og varamenn var innbode representantar for Stortinget, Kyrkje- og undervisningsdepartementet, Miljøverndepartementet, statsinstitusjonar og organisasjonar som Kulturrådet har samarbeid med, og medlemmer av dei utvala som Rådet har oppnemnt. Det foredraget rådsformannen heldt på dette møtet følgjer som vedlegg nr. 1.

Formannen i Styret for registrering av faste kulturminne i Noreg, førstekonservator Arne Berg, gav ei utgreiing om planane for dette arbeidet, og formannen i Redaksjonsutvalet for utgiving av klassisk norsk musikk, direktør Egil Monn-Iversen, orienterte om desse utgivingane. Norsk kulturråds ærespris, musikkprisen og omsetjarprisen vart utdelte på dette møtet.

Ekspedisjonssjefen i Kulturavdelinga i Kyrkje- og undervisningsdepartementet er alltid innboden til rådsmøta.

#### **Andre møte, konferansar og seminar.**

9.—11. oktober arrangerte Rådet i samarbeid med Norske Kommuners Sentralforbund ein konferanse på Fagernes Hotell om kulturadministrasjonen i fylke og kommunar, med i alt 50 deltagarar frå tre departement, frå Kyrkje- og undervisningsnemnda og Kommunalnemnda i Stortinget, fylka, seks kommunar, og dei landsomfattande institusjonane Riksteatret, Riksgalleriet, Rikskonsertane og Statens bibliotektilsyn. Konferanseleidrarar var rådsformannen, Leif J. Wilhelmsen, og ekspedisjonssjefen i Kulturavdelinga, Johs. Aanderaa. Rapporten frå konferansen er prenta, og er send Stortinget.

Det rådgjevande utval for lokalhistorie arrangerte i samarbeid med Norsk lokalhistorisk institutt eit seminar om emnet «De små enheter historie i bygder under urbanisering» på Utstein Kloster i dagane 22.—24. september. Seminarleidrar var instituttstyrar Rolf Fladby.

Rapporten frå seminaret blir prenta og send Stortinget.

#### **Utval og utgreiingar.**

##### **A. Faste utval:**

###### *1. Det faglege utval for litteratur:*

Hans Heiberg, formann, konst. bibliotekdirektør Else Granheim, administrerande direktør Erling Fjellbirkeland.

###### *2. Utvalet for utgiving av eldre norsk litteratur (Klassikerkomitéen):*

Professor Edvard Beyer (Universitetet i Oslo), formann, professor Bjarte Birkeeland (Universitetet i Bergen), universitetsbibliotekar John Dahl (Statens bibliotektilsyn), produksjonssjef Øystein Lie (Den norske Forleggerforening).

###### *3. Barnebokutvalet:*

Thorbjørn Egner, formann, målaren Chrix Dahl, førstebibliotekar Astrid Feydt.

###### *4. Utvalet for tilskott til verdifulle omsetjningar av moderne litteratur:*

Forfattarane Carl Hambro, formann og Tor Obrestad (oppnemnde av Norsk kulturråd), forlagsdirektør Barthold A. Buttenschøn (Den norske Forleggerforening), forfattarinna Magli Elster (Norsk Litteraturkritikerlag) og førstebibliotekar Torre Hernes (Statens bibliotektilsyn).

###### *5. Utvalet for tilskott til periodiske publikasjonar (Tidsskriftutvalet):*

Redaksjonssekretær Simen Skjønsberg, formann, Halldis Moren Vesaas, Håkon Stenstadvold.

###### *6. Appellutvalet for innkjøpsordninga:*

(Appellar om bøker som ikkje blir tekne med på lista frå Bibliotektilsynets rådgjevande komité for folkebibliotek.)

- Redaktør Finn Jor, formann, magister Otlu Alsvik, journalist Jo Ørjasæter.
7. *Ankenemnda for innkjøpsordninga:*  
(Ankar om klassifiseringsreglar o.a.)  
Magister Carl Fredrik Engelstad, formann (Den norske Forfatterforenings Litterære råd), forlagsdirektør Barthold A. Butenschøn (Den norske Forleggerforening), lektor Arne Prøis (Norsk Forleggersamband), universitetslektor Kristoffer Haave (Universitetet i Oslo).
8. *Utvælet for norsk litteratur i utlandet:*  
Hans Heiberg, formann, forfattaren Carl Hambro, byråsjef Helene Andersen (Utanriksdepartementets Kulturavdeling), forfattarinna Ebba Haslund (Den norske Forfatterforening).
9. *Musikkutvælet:*  
Kjell Bækkelund, formann, komponisten Egil Hovland, konsertmeister Ørnulf Boye Hansen, komponisten Arne Nordheim, direktør Egil Monn-Iversen.
10. *Sakkunnig komité for Materialfondet:*  
Lars Roar Langslet, formann, medlemmer valde av Bildende Kunstneres Styre: Chrix Dahl, Joseph Grimeland, Jardar Lunde.
11. *Utvælet for kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg:*  
Eli Silseth, formann, og Håkon Bleken oppnemnde av Norsk kulturråd, Gunnar Janson, Brit Fuglevaag Warsinski, Halvdan Ljøsne (oppnemnde av Bildende Kunstneres Styre), Leif Olav Moen (oppnemnd av Norske Arkitekters Landsforbund). Ein representant for Statens byggje- og egedomsdirektorat møter i utvælet som konsulent.
12. *Utvælet for innkjøp av norsk samtidskunst:*  
Jan Askeland, formann (oppnemnd av Norsk kulturråd), Gro Folkan, Berit Soot Kløvig og Britta Skaar (oppnemnde av Bildende Kunstneres Styre).
13. *Sakkunnig utval for samisk kunst og brukskunst:*  
Håkon Stenstadvold (varamann Eli Silseth), Marit Stueng (varamann Kristine Nedrejord), Sverre Fjeldheim (varamann Ragnar Myrland), Lauri Keskitalo (varamann Hans Nergård).
14. *Utvælet for sikring av høgt prioriterie fornminne:*  
Professor Anders Hagen, Bergen, formann, professor Sverre Marstrander, Oslo, førstekonservator Odmund Møllerop, Stavanger, førstekonservator Kristen R. Møllenhus, Trondheim, førstekonservator Povl Simonsen, Tromsø. Førstekonserva-
- tor Arne Skjølvold er sekretær for utvælet.
15. *Utvælet for lokalhistorisk arbeid:*  
Edvard Bull, formann, instituttstyrar Rolf Fladby, professor Knut Mykland, dosent Olav Bø, førsteamanuensis Jørn Sandnes.
16. *Utvælet for byggjesaker:*  
Fartein Valen-Sendstad, formann, arkitekt Ulf Colbiørnsen (både oppnemnde av Norsk kulturråd), arkitekt Gaute Baalsrud (Statens byggje- og egedomsdirektorat).
- B. Mellombels utval:
1. *Vurderingsutvælet for Norsk Forfattersentrum:*  
Kjell Bækkelund, formann, sjefbibliotekar Asbjørn Langeland (peika ut av Statens bibliotektilsyn), lektor Kolbjørn Skaare og rektor Trygve Bjørgo (både utpeika av Kyrkje- og undervisningsdepartementet), lektor Olav Klonteig.
  2. *Utgreiling om lydstudio:*  
Om studio for elektronisk musikk: Komponisten Arne Nordheim. Om eit tidsmessig lydstudio: Direktør Egil Monn-Iversen, komponisten Gunnar Sønstevold.
  3. *Redaksjonsutvælet for utgiving av klassisk norsk musikk:*  
Direktør Egil Monn-Iversen, formann, førstebibliotekar Øystein Gaukstad, komponisten Johan Kvandal og amanuensis Gunnar Rugstad.
  4. *Utvælet for utgreiling av spørsmålet om periodiske publikasjonar trykt på samisk eller som vender seg til samiske lesarar:*  
Veterinær Paul Fjellheim, formann, lærar Ella Holm Bull, lektor Nils Jernsletten, tannlege Aslak Loso, redaktør Asmund Rørslett. Utvælet er nedsett i sammråd med Norsk Sameråd.
  5. *Utvælet for utgreiling om tiltak for norsk ballett:*  
Olaf Kortner, formann, direktør Gunnar Brunvoll, ballettdansarinna Guri Pahle Glad, direktør Ole Henrik Moe, direktør Asmund Oftedal, koreograf Miriam Skjørten, dansepædagog Kari Wang.
  6. *Førebuande utval for utgreiling om «Fri-viljige musikkaktivitetar for born og ungdom»:*  
Skolekonsertsjef Leif Braseth, rektor Torbjørn Dahl, byråsjef Thor Holtan-Hartwig.
  7. *Utvælet for registrering og vern av gamle fotografi:*  
Fotograf Jac. Brun, formann, bibliotekar Grete Østgaard Lund, fylkeskonservator Kjeld Magnussen, fotograf Bergljot Singning, fylkeskonservator Johannes Sive-

sind, konservator Else Boye, arkivar Sofie Rogstad.

Mandatet følgjer som vedlegg nr. 2.

8. *Utvalet for tiltak for norsk folkekunst:* Ass. direktør Magne Lerheim, formann, museumsdirektør Fartein Valen-Sendstad, fylkeskonservator Halvor Landsverk, biletvevaren Brit Fuglevåg Warsinski, interiørarkitekt Anne Lise Aas, folkehøgskolelektor Halvard Grude Forfang, brukskunstnar og lærar Arne Lindaas.

Mandatet følgjer som vedlegg nr. 3.

Desse utgreiingane og rapportane er leverte til Norsk kulturråd i 1972:

1. *Tilråding frå Vurderingsutvalet for Norsk Forfattersentrum.*
2. *Utgreiing om studio for elektronisk musikk* (frå Arne Nordheim).
3. *Rapport frå det førebuande utvalet for utgreiing om rekruttering til strykarutdanning, og friviljug musikkopplæring for born og ungdom.*
4. *Utgreiing om kulturtidsskrift* (ved professor Arnljot Strømme Svendsen, siviløkonom Bjørn Asbjørnsen i samarbeid med ei studentgruppe ved Norges Handelshøgskole). Utgreiinga blir trykt.
5. *Utgreiinga frå «Førdeutvalet» om kulturanlegg i Førde* (sjå kap. III, Kulturbygg).
6. *Landsdelsplan om musikktiltak i Nord-Noreg*, frå Nordnorsk Musikkråd.

#### **Tilrådingar og fråseigner frå Norsk kulturråd til Kyrke- og undervisningsdepartementet.**

Årsmelding 1971 (St.meld. nr. 73 1971—72).

Tilråding om fordeling av midlar frå Norsk kulturfond for 1972.

Framlegg om løyving til Norsk kulturfond 1973. (Brevet følgjer som vedlegg nr. 4).

Framlegg om å styrke administrasjonen i Norsk kulturråd.

Fråsegn om departementets løyving under Kap. 295 til kulturarbeid på nye industristader.

Fråsegn om medlemsframlegg til Nordisk Råd om stønad til den færøyske litteraturen.

Revidert avtale med Den norske Forleggerforening, Norsk Forleggersamband og Den norske Forfatterforening om innkjøpsordning for ny norsk skjønnlitteratur.

Fråsegn om utgreiinga frå «Førdeutvalet» (sjå og Kap. III, Kulturbygg).

Fråsegn om medlemsframlegg til Nordisk Råd om eit Nordens kunsthus i Alborg.

Fråsegn om Innstilling frå Kunstsnerstipendkomitéen av 1971.

Fråsegn av 21. november 1972 om løyvinga til Norsk kulturfond for 1973. (Fråsegna følgjer som vedlegg nr. 5).

#### **Samarbeid med andre institusjonar.**

Rådet vil som tidlegare år først og fremst seie seg glad for det gode samarbeidet med Kyrke- og undervisningsdepartementet, som er ein føresetnad for ei planmessig koordinering med statsbudsjettet. Om dette viser vi elles til Kap. II.

#### **Kulturavdelinga i Utanriksdepartementet.**

I årsmeldingane for 1967 og 1968 er omtalt retningslinene for samarbeid mellom Kulturavdelinga og Norsk kulturråd når det gjeld arbeid i utlandet for norsk biletkunst og musikk. I hovudsaka går retningslinene ut på at Kulturrådet kan gi tilskott til store einskild-tiltak som ein ikkje kan vente Utanriksdepartementet kan greie innanfor det vanlege årsbudsjettet. I 1972 har Kulturrådet såleis gitt tilskott kr. 25 000 til turné i USA for Det Norske Solistkoret, og tilsegn om kr. 30 000 i 1974 til ballett-turné frå Den Norske Opera i USA. I 6 år har Kulturrådet gitt tilskott til kjøp av norsk skjønnlitteratur til universitet med skandinaviske avdelingar, i 1972 med kr. 20 000. Rådet vonar at Utanriksdepartementet no vil ta desse tilskott opp på det vanlege budsjettet.

Byråsjefen i 2. kulturkontor er med i Norsk kulturråds utval for norsk litteratur i utlandet. Norsk kulturråd gir aldri tilskott til arbeid for norsk kunst i utlandet utan at saka først er drøfta med Kulturavdelinga.

#### **Norges almenvitenskapelige forskningsråd.**

Vi viser til tidlegare årsmeldingar. Det har i året vore kontakt mellom administrasjona i dei to råd i saker som ligg i grenseområda, serleg når det gjeld lokalhistorie, utgiving av essayistikk og forsking på estetiske eller sosio-kulturelle område.

#### **Riksantikvaren.**

Gjennom året har Rådet hatt jamleg kontakt med Riksantikvaren om saker som gjeld kultur- og miljøvern. Riksantikvaren er medlem av styret for den landsomfattande registreringa av faste kulturminne (Sjå Kap. III, Kulturvern). Alle søknader som gjeld tilskott til restaurering av freda hus eller miljø, og trygging av andre kulturminne innanfor arbeidsområdet til Riksantikvaren blir lagt fram der før Rådet tek endeleg avgjerd.

#### **Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer og fylkeskonservatorane.**

Alle saker som gjeld bygg eller andre ekstraordinære tiltak ved musea blir sende til fråsegn til Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer. Om tiltak som Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer administrerer og som blir

finansiert av Norsk kulturfond, viser vi til Kap. III, Kulturvern. Rådet har også samarbeid med fylkeskonservatorane når det gjeld tiltak i det einskilde fylke, både museumstiltak og trygging av verdifulle hus og kulturmiljø. På den måten får Kulturrådet både sentral og regional vurdering av tiltaka før det tek endelig avgjerd.

*Statens bibliotektilsyn.*

Bibliotekdirektøren er fast medlem av Det faglege utval for litteratur og er med i alle forhandlingar med forlag og forfattarar om innkjøpsordninga. Som tidlegare år har Bibliotektilsynet gitt tilråding til Norsk Forfattersentrum om forfattarbesøk i biblioteka, men bibliotekdirektøren har no gjort framlegg om at frå 1973 bør Forfattersentret sjølv ta over alt arbeidet med desse besøka, så alle reiser og turnear kan bli mest mogeleg rasjonelt lagde opp.

*A/L Biblioteksentralen.*

Rådet samarbeider med Biblioteksentralen i alle praktiske spørsmål som gjeld innkjøpsordninga: innbinding, ekspedisjon, o.a. Om prisar sjå Kap. III, Litteratur.

Sentralen har også det praktiske arbeidet med å sende ut dei 500 eksemplara av barne- og ungdomsbøker som har fått tilråding frå Den rådgivande komitéen for barne- og skolebibliotek, til barneheimar o.a. institusjonar for barn.

*Statens byggje- og egedomsdirektorat.*

Direktoratet sender framlegg når det gjeld utsmykking av nye statsbygg, og det har sin faste observatør og rådgjevar i Utvalet for kunstnarleg utsmykking.

*Rikskonsertane.*

Rikskonsertane har teke på seg å administrere forsøksordninga med tilskott til debutkonsertar for unge norske musikkarar (sjå Kap. III, Musikk). Rådet har også nært samarbeid med Rikskonsertane når det gjeld tilskott til instrument, og i alle saker om tilskott til konsertar eller andre musikktiltak rundt i landet.

Elles samarbeider Rådet med dei andre to riksinstitusjonane Riksteatret og Riksgalleriet om tiltak i distrikta eller turnear, med andre offentlege råd som Statens Musikkråd og Norsk Filmråd, med regionale råd som Nordnorsk kulturråd og Nordnorsk musikkråd, med forleggjarorganisasjonane og med kunstnarorganisasjonane.

*Reiser og representasjon.*

Formannen opna Sørlandsutstillinga i Kristiansand i februar, og opna De Samiske Samlingene i Karasjok 16. april. 31. juli opna

han Jazzfestivalen i Molde, og han var med i den norske delegasjonen til Unescos europeiske kulturministerkonferanse i Helsinki 19.—28. juni og var leidar for den norske delegasjonen medan statsråden var borte. Han representerte Kulturrådet ved opninga av Festspillene i Bergen 24. mai, ved opninga av Nasjonalgalleriets utstilling i Christiansand Kunstforening 7. september, ved 20-års jubileet for De Musikkhistoriske Samlinger på Ringve i oktober, og ved avdukinga av kunstnarleg utsmykking ved Universitetet i Bergen 19. oktober. Han deltok i og heldt foredrag ved fylkeskonferansen om kulturplanlegging og kulturadministrasjon i Aust-Agder i Brekkestø 15.—17. september. Han var representant for Kulturrådet i Jubileumskomiteen for arrangement i samband med 1100-årsminnet for Rikssamlinga i Noreg. Han var formann i juryen for konkurransen om tilbygg for Nationaltheatret, medlem av juryen for minnemedaljen til riksjubileet og medlem av juryen for utforming av emblem for Universitetet i Trondheim. Han er Norsk kulturråds representant i styringsgruppa for Europaråds-prosjektet: Kulturutviklinga i 11 mellomstore europeiske byar, og medlem av den nordiske kontaktgruppa for den nordiske delen av prosjektet. Han var også Rådets representant i det utvalet som skal planleggje kulturutbygginga ved Mongstad. Formannen i Norsk kulturråd er *ex officio* med i representantskapet for Sonja Henie og Niels Onstsads Stiftelser.

Kjell Bækkelund representerte Rådet ved opninga av Toneheim musikkfolkehøgskole på Vang 31. august.

Kjell Bondevik representerte Rådet ved innviinga av 1. byggetrinnet ved Sogndal Lærarskule.

Bjørn Aarseth representerte Rådet ved 100-års jubileet for Tromsø Museum, og deltok i konferansen på Fagernes 9.—11. oktober.

Halldis Moren Vesaas representerte Rådet ved opninga av Vinjeutstillinga 2. juli og ved Den norske Forfatterforenings seminar på Voksenåsen 22.—26. november.

Eli Silseth avduka utsmykkinga av Sørlandets Tekniske Skole 1. desember, og Per Ungs skulptur i Havforskningsinstituttet Bergen.

Olaf Kortner representerte Rådet ved Foreningen Nordens årlege konferanse i Udddevalla med emnet: «Tre städer møter ett kulturprogram» 11.—15. september.

Håkon Stenstadvold representerte Rådet ved opninga av Den internasjonale Grafikk-biennalen i Fredrikstad.

Frå administrasjonen:

Direktør Ingeborg Lyche heldt foredrag ved Landsdelskonferansen for Nord-Noreg 4.—6. februar. Etter oppmøding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet var ho med som norsk delegat til Europarådkonferansen i San Remo 26.—29. april om «Sociocultural facilities and animation».

Ho representerte Rådet ved konferansen om amatørteaterarbeid arrangert av Samnemnda for Amatørteaterarbeid 29.—30. september på Klekken. Ho opna Haldenfestivalen 1972 15. oktober og dei nye lokala for kunstforeninga i Halden same dag.

Etter innbyding frå Bulgaria under det norsk-bulgarske kulturprogrammet for 1971—72, vitja ho Bulgaria frå 20. oktober — 1. november og studerte kulturinstitusjonar og kulturvern.

Konsulent Hans Stokland var med på Norden-konferansen i Uddevalla, og representerte Rådet ved ein konferanse på Stord 27. juni om kulturanlegg.

Førstesekretærane Sverre Ringard og Torkild Alsvik var med på eit seminar om litteratursosiologi som Den norske Bokklubben skipa på Geilo i dagane 10.—13. august.

Dessutan representerte Torkild Alsvik Kulturrådet på det lokalhistoriske seminaret på Utstein kloster 22.—24. september. (Sjå ovanfor, Andre møte og konferan-

sar), og på forfattarseminaret på Voksenåsen 22.—26. november.

Førstesekretær Anne Hals representerte Rådet og arkitekt MNAL Erik Aas jr. representerte Registreringsutvalet ved ICO-MOS-konferansen «Trebyer i Norden» i Sandefjord 22.—24. september. Anne Hals representerte Rådet ved konferanse i Kongsvinger 1. desember om reguleringsplan for «Øvrebyen» med integrering av gamle bygningar i eit nytt bustadstrok.

#### Norsk kulturråds ærespris 1972.

Æresprisen for 1972 vart gitt til Klaus Egge etter samråysta vedtak på rådsmøte 16. november. I si grunngjeving legg Rådet både vekt på at han står i fremste rad blant komponistane våre, med ein serie heilt personlege verk, at han har gjort ein stor innsats som musikk-kritikar og at han har utført eit uvanleg verdfullt arbeid som organisasjonsmann. Han gjorde etter frigjeringa ein avgjerande innsats med å byggje opp att norsk musikkliv. Han har vore formann i Norsk Komponistforening i 27 år, og nestformann i Tono i same tid. Han var den fyrste formann i Statens Musikkråd og var i fleire år formann i Norges Kunstråd.

Livsverket hans til no har hatt så mykje å seie for norsk kulturliv at Rådet fann det naturleg å gi han æresprisen i 1972. Prisen vart delt ut ved møtet i Munch-museet 13. desember.

## Kap. II. Koordinering med statsbudsjettet.

Som i tidlegare årsmeldingar vil Rådet på nytt få seie seg glad for det gode samarbeidet med Kyrkje- og undervisningsdepartementet, som er ein føresetnad om vi skal få ein koordinert kulturpolitikk og planlegging av kulturutviklinga, med prioritering av oppgåvene innanfor ei realistisk økonomisk ramme.

Om mange større tiltak og langsiktige planar har representantar for Kulturrådet hatt drøftingar med departementet, til dømes om kulturbrygg, om planar for utbygging av musikktiltak i Nord-Noreg, om det nye rådet for norsk folkemusikk og -dans, om tiltak for norsk folkekunst, o.a. større saker. Komitéen som skal greie ut om tiltak for norsk folkekunst er såleis sett ned i samråd med departementet (jfr. Kap. 1, Utval og utgreiingar).

Når det gjeld Norsk Forfattersentrum, reknar Rådet med at den noverande ordninga må halde fram i 1973, med tilskott frå Norsk kulturfond. Rådet vedtok på sitt siste møte 13. desember føreteljingar til det nye Rådet om

å ta Norsk Forfattersentrum med i planane ved fordelinga av fondsmidlar for 1973, og til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om å ta med Forfattersentret under førebuinga av budsjettet for 1974, slik at sentret kan halde fram og helst utvide verksemda.

I budsjettinnstilling S. nr. 12, 1970—71, omtalier Kyrkje- og undervisningsnemnda særskilt dei omfattande oppgåvene som Norsk kulturfond har, og bed departementet og Kulturrådet gi ei samla vurdering av tilhøva mellom løyvingane som Norsk kulturråd gjev, og løyvingane til kulturfremål over statsbudsjettet, med sikte på ei praktisk arbeidsdeling og ein reell auke i løyvingane.

Norsk kulturråd utarbeidde difor ei utgreiing til departementet, send hausten 1971. (Rådsmedlem Bjørn Aarseth laga dessutan eit særskilt notat om samiske kulturtiltak, som vart sendt departementet i januar 1972 som vedlegg til utgreiinga — jfr. årsmelding 1971, s. 9). Fyrst blir det gitt ei samla oversyn over statsutgifter til «kulturtiltak» (i 1971)

slik dei er ført opp i budsjetta fra Kyrkje- og undervisningsdepartementet, Kulturavdelinga i Utanriksdepartementet, og i Forsvarsdepartementet (med orkestra i Forsvaret), tilhøva mellom statlege og kommunale tilskott og oversyn over dei lovene som tar sikte på å skaffe inntekter til kunstnarar. (Biblioteklova, Lov om avgift på off. omsetning av bildende kunst, Lov om avgift på off. framføring av utøvende kunstneres prestasjoner og Lov om avgift til Det norske komponistfond).

I kap. II i dette PM gjennomgår Rådet oppgåvefordelinga mellom statsbudsjettet og Norsk kulturfond, slik Kyrkje- og undervisningsnemnda hadde bede om.

Det punktet i retningslinene som gjeld prøververksemnd som ein bør føre over til statsbudsjettet dersom røynslene er gode og viser at det her trengst ei fast ordning, har ikkje skapt større vanskår. Rådet minner om Riks-konsertane, som kom over på statsbudsjettet i 1972, om Festspillene i Nord-Noreg, Jazz-festivalen i Molde og Sørlandsutstillinga, som alle fekk tilskott i ein forsøksperiode, og som no har årvisse tilskott.

Når det gjeld ekstraordinære tilskott til større eingongstiltak ved institusjonar med statstilskott, har Rådet nok møtt ymse problem. Tilhøva har utvikla seg slik at ei rad institusjonar som har fast statstilskott, kvart år søker Kulturfondet om tilleggstilskott til programinnslag som kjem att i heller same form kvart år, og som burde ligge innanfor ramma av den vanlege verksemda i vedkomande institusjon eller lag. Dersom Kulturfondet kvart år skal gi tilskott til alle slike institusjonar til tiltak som i røynda høyrer med i den vanlege verksemda, kan tilskotta frå Norsk kulturfond etterkvart berre bli ei supplering av det vanlege statstilskottet, og det var ikkje meiningsa med Fondet.

Men det er òg lett å peike på vellukka resultat av oppgåvedelinga, t.d. ved Festspillene i Bergen, der Rådet har gitt stønad til to større tiltak som ikkje kunne bli realisert utan ekstraordinære tilskott: Produksjonane av operaen Jeppe, og musikkspillet Mot Solen. Nasjonalgalleriet har òg fått fleire tilskott til å skaffe store kunstverk, som det ikkje ville vere råd å kjøpe innanfor den vanlege kjøpekontoen til galleriet.

Når det gjeld den mest krevjande oppgåva innanfor biletkunsten, kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg, viser Rådet til det som har vore sagt i tidlegare årsmeldingar og i tilrådingar frå Kyrkje- og undervisningsnemnda. I kap. III, Biletkunst og brukskunst (sjå s. 26) gir Rådet i år ei geografisk oversyn over tilskotta i åra 1966—1972 og vi-

ser korleis midlane har vore delt mellom statlege og andre offentlege bygg.

Kulturrådet har samarbeid med Ungdoms- og idrettskontoret i Kyrkje- og undervisningsdepartementet om fordeling av norsk samtidskunst til samfunnshusa. Rådet har sakna klårare retningsliner når det gjeld tilskott til utstillingar. I årsmeldinga for 1967 er det gjort greie for hovudretningslinene når det gjeld tilskott frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet, Utanriksdepartementet og Norsk kulturfond. Men det har ofte vorte slik at institusjonane vender seg til Norsk kulturfond når dei meiner tilskottet frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet ikkje rekk til.

I sitt P.M. gjer Kulturrådet òg greie for koordineringa med statsbudsjettet når det gjeld film. Då Kulturfondet vart oppretta, vart posten tilskott til fri kunstnarleg kortfilm ført over til fondet, og Kulturrådet har kvart år sett av ein øremerkt sum til dette formålet. Utviklinga i dei ára Kulturrådet har gitt slike tilskott, tyder likevel på at grensene mellom dokumentarisk kortfilm, som får tilskott over kap. 358, og kortfilm i friare former blir jamt mindre klare. Norsk Filmforbund og Norske Kortfilmprodusenter For- ening har i konferansar i departementet hevda same synet, at dei frie kunstnarlege kortfilmane no er rivne ut av samanhangen med den andre kortfilmproduksjonen. All kortfilmproduksjon burde etter deira syn få tilskott over statsbudsjettet, vurdert i samanheng. Rådet meiner difor at det vil vere ei betre ordning om tilskott til ulike slag kortfilmar blir gitt over statsbudsjettet etter ei samla vurdering av ein og same jury. På sitt siste rådsmøte 13. desember vedtok difor Rådet ei oppmoding til det nye rådet om å sløyfe ei særskilt avsetjing til filmformål. Tilskott til einskilde filmtiltak som ikkje fell innanfor dei generelle stønadsordningane som departementet har, vil Kulturfondet då kunne gi av avsetjinga til Andre formål. Ein ville dimed for dette felta av kulturtiltak få same ordninga som for teater, at nye eller særleg verdfulle tiltak som ikkje fell innanfor tilskottsordningane i departementet, kan få tilskott av denne avsetjinga. Tilskott til ball- og operatiltak gir Kulturrådet òg på denne måten.

I det heile vil Rådet peike på den faren som ligg i at for mange tilskottsfelt blir ført opp med øyremerkte summar kvart år. Det vil vere meir fleksibelt og meir i samsvar med tanken med Kulturfondet om Kulturrådet kunne få stå noko meir fritt i oppgåvene kvart år, innanfor dei retningslinene som er oppdregne. Kulturrådet bør òg sjå på om ret-

ningslinene held fylgje med kulturutviklinga og eventuelle nye krav som blir stilt. Når den nye administrasjons- og tilskottssordninga for musea, som departementet har gjort framlegg om i St.meld. nr. 93 (1971—72), har vore handsama i Stortinget, vil Rådet drøfte retningslinene for omframtilskott til musea. Som det no er, har Kulturrådet svært ofte gitt tilskott som i røynsla ikkje har vore anna enn driftstilskott, dvs. løyvingar til tiltak som etter sin natur burde vere årvise normale oppgåver, vedlikehald o.a. Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer har sjølv uttalt om dette, at so lenge statsløyvingane til musea er so snaue, må styret rá til at Kulturfondet gir tilskott til vedlikehaldsarbeid. Vonleg kan ein, om den nye ordninga blir vedteken, komme dit at tilskott av Kulturfondet går til større oppgåver som i røynda er ekstraordinære eingongsoppgåver.

I kap. III i PM, Konklusjoner og vurderinger, peiker Rådet på hovudprinsippet i oppgåvefordelinga: dei statlege, kommunale og private midlane som blir sett inn til å finansiere kulturaktivitetar og kulturinstitusjonar bør dekkje faste driftsutgifter. Kulturfondet bør ein kunne nytte til dei større ekstraordinære eingongstiltaka som ein ikkje kan få plass til på det ordinære statsbudsjettet. Når ein ikkje har kunna fylgje dette hovudprinsippet fullt ut, er det ikkje avdi det har skorta på respekt for retningslinene, men avdi for snaue løyvingar til ordinær drift tvingar institusjonane til å søkje og Rådet til å gi slike nær sagt årvisse løyvingar til vanlege tiltak.

Til slutt i PM drøftar Rådet einskilde hovudliner som ein kunne dra opp for kulturpolitikken i 1970-åra:

1) Utvidinga av kulturomgrepet og dimed av kulturpolitikken til ein meir omfattande «livsmiljøpolitikk», der kulturpolitikken må omfatte alt som kan gi eit rikare livsmiljø, med rom for kunstnarleg oppleving

og forståing, og for skapande eigenverksemnd.

2) Desentraliseringa, slik ein ser utviklinga gjennom tiltak i riksinstasjonane, i den nye biblioteklova, gjennom ymse offentlege tilrådingar o.a.

3) Ynskje om aktivisering, slik at ein freistar skape vilkår for at flest mogeleg kan få vere med i aktiv eller skapande verksemnd — anten det gjeld musikk, teater, dans og ballett, forming, fotografi, film o.a.

4) Eit anna drag ein kan sjå i utviklinga kan være ynskje om meir samarbeid mellom ymse kunstslag, slik at kunstinstasjonane òg kan møte publikum med samansette program, og festivalar og lokale kulturtildelingar kan femne om mange slag program.

5) Å få til auka kontakt med publikum er òg eit ynskjemål, slik at ein gjennom oppsökande verksemnd kan nå grupper av ulike slag som har vanskar med å vere med i kulturaktivitetar, og grupper som geografisk, yrkesmessig, aldersmessig eller av andre grunner ikkje har vore dregne med.

6) Ein kan vel òg peike på auka forståing for kor viktig det er å få til verdfulle kulturtildelar for born og miljø som kan stimulere deira eigne kulturelle opplevingar.

Skal desse hovuddraga gjere seg gjeldande i åra som kjem, må ein få til ei sterkare distriktsutbygging, og ein større administrativ kapasitet på fylkes- og kommuneplanet for kultursaker. Desse spørsmåla vart drøfta på konferansen på Fagernes 9.—11. oktober (jfr. s. 7).

Elles meiner Rådet ein no må vente på den planlagde kulturmeldinga frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Det Rådet som kjem i funksjon frå 1. januar 1973 bør då sjå på retningslinene for bruk av kulturfondsmidlar (St.prp. 130 1964—65) og den praksis som har utvikla seg gjennom dei fyrste åtte åra, og vurdere om ein bør gjere framlegg til endringar på einskilde punkt.

### Kap. III. Tilskott.

#### Innleiing.

Ved kgl. res. av 18. februar 1972 vart fastsett denne hovuddelingen av løyvinga til Norsk kulturfond, kr. 23 500 000: (Dei tilsvarende tala for 1971 står i parentes.)

	1972	(1971)
Litteratur .....	5 300 000	(5 200 000)
Musikk .....	1 600 000	(3 515 000)
Biletkunst og brukskunst:		
a. Kunstnarleg		
utsmykking .....	1 650 000	(1 600 000)
b. Andre tiltak .....	1 650 000	(1 250 000)
Film .....	350 000	(400 000)
Kulturvern .....	3 200 000*	(2 900 000)
Kulturbrygg .....	7 000 000	(6 100 000)
Tidsskrift .....	300 000	(300 000)
Samisk kultur .....	300 000	
Utgreiingar .....	400 000	(350 000)
Andre formål .....	1 050 000	(1 085 000)
Administrasjon .....	900 000	(800 000)
I alt .....	<u>23 700 000*</u>	<u>(23 500 000)</u>

\* Kr. 200 000 vart overført frå 1971.

I alt kom det i 1972 inn 860 søknader (i 1971: 789). Brev og spørsmål om retningslinjer for tilskott er ikkje medrekna. Det er vanskeleg å gjere nøyne greie for den totale søknadssummen, både av di mange søknader ikkje nemner nokon sum, eller subsidiære summar, og av di den summen det blir søkt om, kan delast over fleire år. Med slike etterhald kan ein setje samla søknadssum til vel 78 millioner kroner, om ein tek med alle dei sakene som kjem over frå Riksantikvaren.

Av di Rådet gjerne vil ha eit grunnlag å bygge på når det skal førebu fordeling av fondsmidlar for året, blir det kvart år lyst ut ein frist som har vore sett til 1. november for søknader om tilskott av fondsmidlar for året som kjem. Men utlysinga av denne fristen vil ikkje seie at ikkje Rådet tek omsyn til søknader som kjem inn seinare enn denne datoene.

I samsvar med dei retningslinene som Stortinget har fastsett, avslår Rådet søknader om driftstilskott til institusjonar og organisasjonar der det ikkje klårt er tale om eksperiment eller prøveår. Tilskott til ei rekje kulturtidsskrift må likevel etter føresetnadene bli gitt årvisst. (Sjå avsnittet Tidsskrift.)

#### Søknadsoversyn pr. 31. desember 1972.

Tala for 1971 er ført opp ved sida av.

	Talet på søknader		Utan søknadssum		Total søknadssum	
	1972	1971	1972	1971	1972	1971
Litteratur .....	95	89	33	25	3 058 741	1 497 672
Musikk .....	180	152	35	33	4 487 542	3 932 560
Biletkunst .....	193 <sup>1)</sup>	181	54	50	3 975 730	4 944 201
Film .....	48	37	2	4	2 151 710	1 781 710
Kulturvern .....	195	188	30	24	9 689 225 <sup>2)</sup>	6 989 815
Kulturbrygg .....	35	50	4	6	30 260 600	37 813 524
Tidsskrift .....	21	23	4	3	546 700	549 800
Samisk kultur .....	16	-	0	-	432 060	
Diverse .....	77	69	7	12	1 740 020	1 726 388
	860	789	169	157	56 342 328	59 235 670

<sup>1)</sup> Søknader om lån av Materialfondet ikkje medrekna.

<sup>2)</sup> Ikkje medrekna oversyn frå Riksantikvaren om prosjekt for til saman ca. kr. 21 700 000.

**LITTERATUR**

Ved Kgl. res. av 18. februar 1972 vart avsett kr. 5 300 000 til litteraturformål, delt slik:

Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur .....	kr. 3 300 000
Barnelitteratur .....	» 550 000
Eldre norsk litteratur .....	» 130 000
Essayistikk .....	» 80 000
Verdfulle omsetjingar .....	» 100 000
Arbeid for norsk litteratur i utlandet .....	» 100 000
Vidare utdanning av forfattarar (seminar) .....	» 25 000
Ny norsk dramatikk (innkjøphonorar) .....	» 40 000
Litterære prisar .....	» 20 000
Norsk Forfattersentrum .....	» 500 000
Nynorsk litteratur .....	» 300 000
Til rådvelde til andre litteraturtiltak .....	» 155 000
I alt .....	<u>kr. 5 300 000</u>

I alt kom det inn 95 søknader om tilskott til litteraturfremål (89 i 1971). Samla søknadssum var kr. 3 058 741. Mange søknader nemner ikkje nokon søknadssum. Desse tala gir likevel ikkje noko fullt bilet av arbeidet på feltet. Her er ikkje rekna med dei mange skriv og førespurnader frå forlag, bibliotek, forfattarar og andre i samband med innkjøpsordninga eller andre støttetiltak, til dømes tildeilinga av barnebøker til barneheimar, sjukhus o. l.

**1. Utgiving av eldre norsk litteratur.**

Klassikarkomitéen (sjå kap. I, Utval og utgreilingar) har vurdert ei rad søknader om produksjonstilskott til ny-utgivingar av eldre norsk litteratur som anten er gått ut av handelen eller berre har vore tilgjengeleg i gamle, mangelfulle utgåver eller som del av kostbare samla verk som ein ikkje kan få kjøpt i einskilde band.

Etter tilråding frå komitéen har Kulturrådet i 1972 gitt desse tilskotta:

H. Aschehoug & Co. til Ragnhild Jølsen: «Brukshistorier» illustrert av Henrik Sørensen .....	kr. 8 000
H. Aschehoug & Co. til Hans E. Kinck: «Samlede noveller» bd. 3 og 4 .....	» 54 000
H. Aschehoug & Co. til Gunnar Heiberg: «Artikler om mange ting» og «Artikler om teater og dramatikk» begge ved Hans Heiberg ..	» 14 000
H. Aschehoug & Co. til Kristofer Uppdal «Jotunbrunnen» .....	» 5 000

H. Aschehoug & Co. til Arnulf Øverland: «Om bøker og forfattere» i utval ved Philip Houm..	kr. 7 000
Gyldendal Norsk Forlag til Knut Hamsun: «Sværmere» (tilsegn frå 1971) .....	» 3 000
Gyldendal Norsk Forlag til Alexander L. Kielland: «Arbeidsfolk» (tilsegn frå 1971) .....	» 3 000
Noregs Boklag til Rasmus Løland: «Noveller» .....	» 10 000
Fabritius & Sønners Forlag til «Fagrskinna» omsett av Johan Schreiner, illustrert av Hans Gerhard Sørensen .....	» 12 000
Ansgar Forlag til Jonas Lie «Faste Forland» .....	» 6 000
Noregs Boklag til Olav H. Hauge «Dikt i utval» .....	» 7 000
Til saman .....	<u>kr. 129 000</u>

Attende til fondet kr. 1 000.

I alt er det med dette i åra 1966—72 gitt stønad til 87 nye utgåver av eldre norsk litteratur.

**2. Essayistikk.**

Klassikarkomitéen skal òg gi tilråding om tilskott til utgiving av norsk essaylitteratur, til litterære eller kulturhistorisk verdfulle biografiar, memoarar eller brevsamlingar.

I samsvar med tilråding frå komitéen har Rådet gitt desse tilskotta:	
Gyldendal Norsk Forlag til Trygve Ræder: «Johan Boyer og heimbygda hans. Liv og diktning» .....	kr. 10 000
Gyldendal Norsk Forlag til Thorleif Boman: «Den kristne kultur — og den jødiske arv» .....	» 3 000
Gyldendal Norsk Forlag til Kristian Smidt: «Konstfuglen og Nattergalen — Essays om diktning og kritikk» .....	» 5 000
Lutherstiftelsens Forlag til «Brev frå Hans Nielsen Hauge» ved Ingolf Kvammen, bd. 3 .....	» 21 000
H. Aschehoug & Co. til Johan Scharffenbergs etterlatte artikler og essays, i utval ved August Schou .....	» 8 000
Minerva Forlag til Stian Sørlie: «Erupsjon. Et essay om det menneskelige menneske» .....	» 5 000
Det Norske Samlaget til Norsk Literær Årbok 1972 .....	» 28 000
	<u>kr. 80 000</u>

Av avsetjinga til rådvelde for litteratur er det òg, i samsvar med tilråding frå komitéen, gitt støtte til desse bøkene:

H. Aschehoug & Co. til Hans Heiberg: «Så stort et hjerte. Henrik Wergeland» .....	kr. 15 000
Det Norske Samlaget til Sigmund Skard: «Det levande ordet» (sjå pkt. 8 nedanfor) .....	» 30 000
Til essayistikk er det soleis i alt nytta kr. 125 000 i 1972.	

### 3. Arbeid for norsk litteratur i utlandet.

I 1972 var det sett av kr. 100 000. Etter tilråding frå det sakkunnige utvalet på dette feltalet (sjå Kap I, Utval og utgreiingar) har Rådet gitt desse tilskotta:	
Til bokkjøp for norske lektorar i utlandet, fordelt etter tilråding frå Kulturavdelinga i Utanriksdepartementet .....	kr. 20 000
Den norske Forfatterforening til halvdags sekretær og kontorutstyr for formidling av norsk litteratur i utlandet .....	» 32 000
Embla Literary Agency til kontaktreiser i utlandet og etablering av kontor .....	» 12 000
Erik J. Friis til omsetjing av bd. II av Alfred Hauges Cleng Peerson-trilogi .....	» 10 000
Utanriksdepartementet til bokgåve til bulgarsk forlag .....	» 1 500
Til Rådets konferanse for utanlandske formidlarar av norsk litteratur .....	» 21 000
Konsulenthonorar .....	» 833
Til saman .....	<u>kr. 97 333</u>

Attende til fondet kr. 2 667.

På det første møtet i utvalet vart det sett ned to arbeidsgrupper. Den eine, Helene Andersen, Ebba Haslund og Embla Literary Agency, skal førebu den konferansen utvalet vil skipe tidleg på sommaren 1973 for utanlandske omsetjarar og forlagsfolk. Den andre arbeidsgruppa, Carl Hambro, Simen Skjønsberg og Odd Solumsmoen, skal hjelpe Embla Literary Agency og Den norske Forfatterforening i arbeidet med å velje ut bøker som ein vil freiste lansere i utlandet.

### 4. Vidareutdaning av forfattarar.

Kr. 25 000 vart avsett. I juni vart avsetjinga auka med kr. 2 000 av disp. litteratur, og heile summen vart løyvd til Den norske Forfatterforening til det seminaret som vart skipa på Voksenkollen i dagane 22.—26. november, med emnet: «Norge — Norden — Verden. Hvor står dagens norske skjønnlitteratur i forhold til den utenlandske? Tendenser og retninger i prosa og lyrikk etter

1960, og kriteriene for deres bedømmelse». Leiarar for seminaret var Camilla Carlson og Martin Nag. 37 deltagarar budde på Voksenkollen, ein del forfattarar var der einskilde dagar. I tillegg til dei norske foredragshaldarane var det ein frå Sverige og ein frå Polen. Rapporten frå seminaret vil Forfatterforeninga gi ut som eit lite hefte.

### 5. Stønad til ny norsk dramatikk.

For 1972 vart sett av kr. 40 000. Desse innkjøphonorara vart utbetalt:

Irmelin Munck: Ekteskapspermisjon (Den Nationale Scene) .....	kr. 10 000
Harald Tusberg og Egil Monn-Iversen: Bør Børson jr. (Det Norske Teatret) .....	» 10 000
Håkon Qviller og Hallvard Lydvo: Buss på by'n (Trøndelag Teater) .....	» 10 000
Jon Bing og Tor Åge Bringsværd: Sans & Samling (Riksteatret) .....	» 10 000
Til saman .....	<u>kr. 40 000</u>

Då avsetjinga var brukt opp, vart det gitt tilleggsløyvingar på kr. 40 000 av rådveldemidlar for litteratur og kr. 30 000 av Andre formål, delt slik:

Anders Bye: Syv mennesker (Club 7) .....	kr. 10 000
Tormod Skagestad: Ragnhildstreet (Det Norske Teatret) .....	» 10 000
Klaus Hagerup: Kuler i solnedgangen (Nationaltheatret) .....	» 10 000
Peder Cappelen: Loke (Nationaltheatret) .....	» 10 000
Magnar Mikkelsen: Agentene (Riksteatret) .....	» 10 000
Odd Selmer: Spill (Oslo Nye Teater) .....	» 10 000
Peder Cappelen: Høne Pøne (Oslo Nye Teater) .....	» 5 000
Tone Danielsen, Sigmund Sæverud, Nils Utsi og Knut Heljar Hagen: Gutten og gullfuglen (Nationaltheatret) .....	» 5 000
Til saman .....	<u>kr. 70 000</u>

Såleis er det i alt nytta kr. 110 000 til refusjon av innkjøphonorar for ny norsk dramatikk i 1972. Løyvinga på kr. 5 000 til Peder Cappelen: Høne Pøne er eit tillegg til ei tilsvarende løyving frå 1971. Det var uklårt om «Høne Pøne» var eit stykke for barn eller for vaksne, men i 1972 vart det godkjent som vaksenstykke etter sakkunnig frasegn. Til «Gutten og gullfuglen» vart det utbetalt kr. 5 000. Ordninga gjeld norske stykke skriv-

ne av medlemmer av Norsk Dramatikerforbund, som blir framført på offentlege teater, medlemmer av De norske teatres forening. Etter tilråding frå foreninga vart framføringa på Scene 7 (Club 7) godteken.

#### 6. Litterære prisar.

Avsetjinga vart sett til kr. 20 000. Av desse er kr. 2 000 utbetalt til Litteraturkritikerprisen som Norsk Litteraturkritikerlag deler ut. Kr. 15 000 er nytta til Kulturrådets omsetjarpriis. Den gjekk i 1972 til forfattaren André Bjerke for Shakespeare-omsetjingane hans, og vart delt ut ved tilstellinga i Munch-museet 13. desember 1972.

Kulturrådet har fått to framlegg om å ta opp att ordninga med litteraturprisar. Norsk Litteraturkritikerlag søker om kr. 10 000 til 5 prisar, ein til kvar av dei 5 genrane roman, novelle, lyrikk, drama, essayistikk. Den norske Forfatterforening gjer framlegg om at Norsk kulturråd tek opp att ordninga med «Den store bokprisen», som vart delt ut siste gongen i 1969. Førebelets har ikkje Rådet teke opp desse framlegga.

#### 7. Norsk Forfattersentrum.

På budsjettet for 1972 vart det sett av kr. 500 000 til Norsk Forfattersentrum. Dessutan er det gitt ei attåtløyving på kr. 15 320 av Generell disposisjon til å dekkje lønnsauke og sosiale utgifter ved ein svangerskapspermisjon, og Rådet gav tilsegn om at underskottet som sentret hadde måtta dra med seg frå 1971, skulle bli dekt i 1973. Verksemda i Norsk Forfattersentrum i 1972 går fram av årsmeldinga frå sentret, sjá vedlegg nr. 6.

15. november leverte Vurderingsutvalet for Norsk Forfattersentrum innstillinga si til Kulturrådet. Utvalet konkluderer med at Forfattersentret har gjort eit verdfullt arbeid for å spreie norsk litteratur og å få til betre kontakt mellom forfattarar og samfunnet. Difor rår det til at Kulturrådet gir Forfattersentret løyving i 1973 og at Kyrkje- og undervisningsdepartementet tar sentret med i førebuingane til statsbudsjettet for 1974. Når det gjeld den framtidige administrasjonsforma i sentret, har utvalet kløyvd seg. Fleirtalet på tre medlemmer av utvalet rår til at medlemmene i sentret sjølv vel heile styret, og at seks ulike instansar peikar ut eit råd på sju medlemmer. Kyrkje- og undervisningsdepartementet skal peike ut to medlemmer.

Mindretallet i utvalet meiner at sentret sjølv må få velje tre av fem styremedlemmer og at Kyrkje- og undervisningsdepartemen-

tet skal nemne opp dei to andre. Mindretallet gjer òg framlegg om eit råd. Dei meiner at seks medlemmer i Rådet skal nemnast opp av organisasjonar som representerer dei som nyter tilboda frå sentret, og fire skal nemnast opp av fire skribentorganisasjonar.

Norsk Forfattersentrum, Den norske Forfatterforening og Statens bibliotektilsyn har gjeve fråsegner om innstillinga.

Innstillinga har vore drøfta på to møte i Kulturrådet i 1972. På det siste møtet vedtok Rådet å slutte seg til den delen av innstillinga som var samråystes, og har sendt innstillinga over til Kyrkje- og undervisningsdepartementet med framlegg om å ta Forfattersentret med på budsjettet for 1974. Innstillinga blir handsama endeleg av Kulturrådet i 1973.

#### 8. Stønad til nynorsk litteratur.

Rådet viser til det som er sagt i St.prp. nr. 130 (1964—65) om at nynorsk litteratur bør støttast gjennom særskilde tiltak, og om styrking av verksemda til Det Norske Samlaget. På dette grunnlaget vart det ved Kgl. res. 18. februar 1972 sett av kr. 300 000. Rådet vil elles vise til at den nynorske litteraturen sjølvsgåt nyt godt av dei andre tilskottsordningane for norsk litteratur: innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur, innkjøp av barnebøker, tilskott til essayistikk, til omsetjingar osb.

Rådet løyvde kr. 297 000 til Det Norske Samlaget, til desse tiltaka:

Klassiske og norrøne bokverk....	kr. 25 000
Nyare utanlandsk litteratur .....	» 25 000
Norsk kulturarv .....	» 30 000
Norsk Eventyrbibliotek .....	» 20 000
Serien «I manns minne» .....	» 60 000
Kvalitetsbillegbøker .....	» 67 000
Barne- og ungdomsbøker .....	» 70 000

Det Norske Samlaget søkte i brev av 25. oktober 1972 om å få disponere om delar av desse tilskotta, då ikkje alle tiltaka det vart søkt tilskott til, let seg realisere i 1972. Rådet samtykte i at kr. 28 000 (kr. 10 000 frå posten Nyare utanlandsk litteratur, kr. 11 000 frå posten Kvalitetsbillegbøker og kr. 7 000 frå posten Barne- og ungdomsbøker) vart nytta slik: til Lars Opsata: «Den gamle garden» kr. 15 000, og kr. 13 000 til to bøker for ungdom med lesevanskar (kr. 6 500 til kvar bok).

Melding frå Det Norske Samlaget om korleis desse løyvingane er nytta, følgjer som vedlegg nr. 7.

I tillegg til desse summane har Det Norske Samlaget fått kr. 28 000 til Norsk Litterær

Arbok (sjå pkt. 2 Essayistikk) og kr. 30 000 til Sigmund Skard: «Det levande ordet» (sjå pkt. 12 Andre tilskott).

Noregs Boklag har fått kr. 3 000 til nye utgåver av to barnebøker, Sverre By: «Turid og dei andre» og Knut Gjengedal: «Kronekongen og andre soger». Forlaget fekk dessutan kr. 6 000 av midlar til disposisjon for barne- og ungdomslitteratur (sjå pkt. 10) til desse to bøkene.

Norsk Barneblads Forlag fekk kr. 7 500 til ei ny utgåve av Torgeir Bjørnaraas: «Dyresoger», av midlar til produksjon av kunstnarleg verdfulle biletbøker (sjå pkt. 10, Stønad til barne- og ungdomslitteratur).

#### 9. Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur.

Til denne største posten på litteraturbudsjettet vart det ved Kgl. res. 18. februar 1972 sett av kr. 3 300 000. I Innstilling om fordeling av fondsmidlar peika Rådet på at sluttrekneskapen for 1971 truleg ville syne eit underskott i høve til budsjettet med omlag 400 000 kroner, uten at det då var teke om syn til prisstiginga. Rådet rekna med at ei avsetjing på kr. 3 300 000 for 1972 truleg ville bli for snau, men vona at slutt-tala ikkje ville ligge så mykje høgare dersom tittelvolumet vart noko mindre, eller ved at ein i 1972 ville finne fram til avtaler som ville gjere ordninga noko billegare for Fondet.

#### *Omfanget av innkjøpsordninga i 1972.*

I alt vart innkjøpt 163 skjønnlitterære bøker til folkebiblioteka. Lista over bøkene følgjer som vedlegg nr. 8.

Bøkene fordelte seg slik etter genrane (tilsvarande tal for åra 1965—71 i parentes):

	1965	1966	1967	1968	1969	1970	1971	
Prosa	92	( 76	88	74	90	75	85	84)
Lyrikk	66	( 43	48	48	51	60	65	68)
Skodespel	5	( 5	12	5	11	5	8	6)
Til saman	163	(124	148	127	152	140	158	158)

163 bøker er det største talet for innkjøpte titlar sidan ordninga kom i gang. Talet på diktsamlingar er høgt, men det har halde seg stabilt dei siste tre åra.

Medlemmer av Den norske Forleggerforening (medrekna dei forlag som òg er tilslutta Norsk Forleggersamband) gav ut i alt 161 bøker. Frå forlag som berre er tilslutta Norsk Forleggersamband kom det ingen bøker i 1972. To uorganiserte forlag fekk innkjøpt ei bok kvar. Om lag 15 bøker vart avviste frå ordninga, anten av di dei ikkje

kunne godkjennast som skjønnlitterære eller av andre formelle grunnar. To bøker av forfattarar på «vurderingsliste» var påmelde, ei av desse vart innkjøpt, den andre ikkje. Ankenemnda (jfr. årsmelding 1971, s. 17) har ikkje hatt saker til handsaming i 1972.

Som tidlegare år har ein i 1972 prøvd å få ut bøkene til biblioteka så snøgt som mogeleg. Første sendinga, med 23 bøker, gjekk frå A/L Biblioteksentralen i slutten av september, den neste med 70 bøker gjekk først i desember. Tredje og siste sendinga vil truleg gå ut i slutten av februar månad 1973. Det er fleire grunnar til at ikkje alle bøkene kan bli sende ut før jul, m.a. kan ikkje alltid forлага levere bøkene så tidleg som ønskjeleg, dessutan treng Biblioteksentralen noko tid til innbinding og klargjering.

#### *Kostnadene ved innkjøpsordninga.*

Vi viser til årsmeldinga for 1971, der det vart gitt ei førebels oversyn over utgifter til innkjøp, innbinding, ekspedisjon og honorar for dei 158 bøkene som kom med under ordninga i 1971. Dei endelige rekneskapstala er desse:

Kjøp av 158 000 bøker .....	kr. 2 426 356
Innbinding, ekspedisjon m.m... >	725 869
Frakt .....	48 774
Honorarforskott 1971 .....	» 644 995
Honorar for sal i 1970 .....	» 161 027

Til saman ..... kr. 4 007 021

Utgiftene til innkjøpsordninga 1971 vart såleis kr. 757 021 høgare enn den summen som var sett av i budsjettet, kr. 3 250 000. Rådet vedtok i møte 30. august 1972 å dekkje dette underskottet ved innsparte midlar frå tidlegare år.

Totalutgiftene for innkjøpsordninga i 1972 blir:

Kjøp av 163 000 bøker .....	kr. 2 474 095
Innbinding, ekspedisjon m. m. ... >	959 244
Frakt .....	» 53 411
Honorarforskott 1972 .....	» 657 408
Honorar for sal i 1971 (utbetalt i 1972) .....	» 185 734
Til saman .....	kr. 4 329 892

Overskridingen er såleis kr. 1 029 892 i høve til avsetjinga. Denne sluttsummen kjem ikkje overraskande. Når Rådet i 1972 våga å setje av berre 3,3 mill. kroner var det i vona om 1) at tittelvolumet ville stå stille, eller helst gå noko attende i høve til 1971, og 2) at drøftingane med forleggjarar og forfattarar

ville føre med seg nyordninga som ville gi lågare utgifter for Fondet. Ingen av desse føresetnadene har slått til. Tittelvolumet er, som nemnd ovanfor, større enn nokon gong, og dei nyordningane som vart resultatet av forhandlingane i 1972 vil først gi seg utslag i 1973. Rådet må også for 1972 nytte oppsparte midlar frå tidlegare år for å dekke underskottet.

Rådet ser alvorleg på den store auken i utgiftene til innkjøpsordninga, og vil streke under det som er sagt i årsmeldinga 1971, at ekspanderer ordninga like snøgt i dei nærmeste åra, vil dette gå ut over tilskott til andre litteraturtiltak. Rådet vonar likevel at den nye prisavtalen med forлага for lyriksamlingar vil føre til minka press på Fondet.

Ein førebels analyse av rekningane frå forлага for bøker innkjøpte i 1972 gir desse gjennomsnittstala (tilsvarende tal for 1969—1970—1971 står i parentes):

Prosabøker	kr. 30,36	(25,49	27,51	30,56)
Diktsamlingar	» 22,25	(17,02	19,11	22,84)
Skodespel	» 30,30	(18,37	11,75	23,91)

#### *Spørsmål om justering av innkjøpsordninga.*

Rådet følgjer ordninga nøyne kvart år. Dei forhandlingane som tok til i 1971, men som ikkje førde fram til justeringar det året, vart tekne opp att våren 1972. Med i forhandlingane var begge dei to forleggjarsamanslutningane og Den norske Forfatterforening. Partane kom fram til nokre endringar i ordninga. Den viktigaste er at f.o.m. 1973 vil diktsamlingar bli kjøpte inn til ein fast pris pr. ark. Denne arkprisen for 1973 er etter forhandlingane i november 1972 sett til kr. 4,60 for bøker trykt i boktrykk, og kr. 3,60 for bøker trykt i offset.

Denne avtalen vil leggje større utgifter på forлага når det gjeld utgiving av lyriksamlingar. (I november 1973 vil partane drøfte prisane for 1974.) Ei anna endring er at Kulturfondet f.o.m. 1972 sluttar å betale honorar tilskott ved 5 000 selde eksemplar, mot tidlegare ved 8 000. Den justerte avtalen følgjer som vedlegg nr. 9.

#### *Innkjøpsordninga og biblioteka.*

Kyrkje- og undervisningsnemnda i Stortinget tek i Innstilling S.nr. 39 (1972—73) Tiltråding frå Kyrkje- og undervisningsnemnda om årsmelding for Norsk kulturfond for 1971 (St.meld nr. 73 for 1971—72) opp fordelinga av innkjøpsordningsbøkene til biblioteka. Nemnda seier om dette:

«Nemnda kjenner til at om lag 50 bibliotek visstnok står på venteliste for å få tildelt frieksemplar gjennom innkjøpsordninga.

Nemnda saknar nærmere opplysningar om dette, og meiner at det burde vore med i årsmeldinga. Somme av søknadene om tildeling av frieksemplar skal vere så gamle som frå 1967. Nemnda meiner at dersom søknadene ikkje kan innvilgast på annan måte, bør talet på frieksemplar aukast ut over 1000, slik Norsk kulturråd alt i 1968 gjekk inn for, og som både departement og Kyrkje- og undervisningsnemnd sa seg samd i ved handssaminga av St.meld. nr. 16 for 1968—69. Nemnda meiner at dette er ei sak som bør kunna ordnast snarleg.»

Fordelinga av innkjøpsordningsbøkene tek Statens bibliotektilsyn seg av i samråd med Rådet. Frå og med 1972 går det minst eitt sett bøker til kvar kommune i landet. Med den nye biblioteklova som vart sett i verk frå 1. januar 1972, er det vedteke at kvar kommune skal ha eitt hovudbibliotek, til dette høyrer så eitt eller fleire filialbibliotek. Bibliotektilsynet arbeider f.t. med ei nyordning for plasseringa av innkjøpsordningsbøkene, og vonar å komme fram til ei meir rettvis fordeling av presentasjonseksemplara. Hovudregelen vil vere at kvar kommune skal få minst eitt sett. Kommunar med spreidd busetnad, særlege geografiske tilhøve eller særleg høgt folketal, vil få fleire sett. Bibliotektilsynet reknar med at denne omorganiseringa vil vere avslutta våren 1973 og at nyordninga truleg vil kunne bli effektiv alt frå hausten 1973. Den noverande ventelista vil då vonleg falle bort.

#### *10. Stønad til barne- og ungdomslitteratur.*

Ved Kgl. res. 18. februar 1972 vart det sett av kr. 550 000 delt slik:

1. Innkjøp av barnebøker til barneheimar, sjukehus, internat o.l.	kr. 200 000
2. Honorarbonus til forfattarar (à kr. 3 000) .....	» 100 000
3. Førehandsstønad til kunstnarleg illustrerte biletbøker .....	» 50 000
4. Bokbåten på Vestlandet, kjøp av barnelitteratur .....	» 25 000
5. Katalogen «Gode barnebøker» .....	» 80 000
6. «Barnebokveka 1972» .....	» 50 000
7. Til disposisjon .....	» 45 000
Til saman .....	» 550 000

I alt er brukt kr. 544 862. Post 1 og 2 gjeld den såkalla «lille innkjøpsordninga». Denne ordninga fungerer framleis særstilfelle. I 1972 fekk 359 barnevernistitusjonar og 23 lærarskular og barnevernsakademiet minst eitt komplett sett av dei 32 barne- og ungdomsbøkene som kom med på Bibliotektilsynets liste (bøker utkomne i 1971).

500 eksemplar av kvar bok blir kjøpt inn

gjennom A/L Biblioteksentralen og sende ut til institusjonane i juni. Liste over dei innkjøpte bøkene følgjer som vedlegg nr. 10.

Samla innkjøpspris for bøkene (minus rabatt) og utgifter til ekspedisjon og frakt kom i alt på kr. 181 759.

Honorarbonus til 30 forfattarar (to forfattarar hadde to bøker kvar med) kom på til saman kr. 90 000.

Frå 1966 til og med 1971 delte Rådet ut produksjonspremier til forlaga for særleg godt utstyr i barnebøker. I 1972 måtte Rådet av budsjettgrunnar sløyfe desse premiane som går til forlaga. Rådet viser til at forlaga får solide tilskott frå Fondet på fleire andre måtar, t.d. gjennom «den lille innkjøpsordninga» og ved produksjonstilskott til biletbøker.

Etter tilråding frå Barnebokutvalet (sjå kap I Utval og utgreiingar) har Rådet gitt tilskott til fire kunstnarleg illustrerte biletbøker:

J. W. Eide Forlag til Fridtjof Selen/	
Reidar Johan Berle: «Snorre Sel»	kr. 10 000
Gyldendal Norsk Forlag til Håkon	
Bjørklid: «Mons matglad»	..... » 15 000
Forlaget Magne til Nils Johan Rud/	
Sigrun Sæbø Kapsberger:	
«TV-rømlingen»	..... » 10 000
Forlaget Magne til Bjørn Rønningen/Unni-Lise Jonsmoen: «Gnurr	
som bor i en tønne»	..... » 7 500

Dessutan fekk Norsk Barneblads Forlag kr. 7 500 av denne avsetjinga til ei ny utgåve av Torgeir Bjørnaraa: «Dyresoger».

Det kom inn i alt 9 søknader om tilskott til produksjon av biletbøker i 1972.

I 1969 gav Rådet for første gong ut katalogen «Gode barnebøker» og tok sikte på at ei ny og justert utgåve skulle komme med om lag tre års mellomrom. I 1972 sette Rådet av kr. 80 000 til ny katalog, og denne katalogen låg føre i november. Katalogen er trykt i 100 000 eksemplar og blir delt ut gratis gjennom bokhandlarane og biblioteka. Diverre syntet det seg at denne summen vart for snau, i alt kom katalogen til å koste kr. 104 557. Trykkekostnadene har auka sterkt dei siste par åra, og Rådet måtte betale meirverdiavgift for trykkinga, medan katalogen i 1969 vart friteken for omsetningsavgift. Underskottet vart dekt innanfor totalavsetjinga til barne- og ungdomslitteratur 1972, av di kostnadene til den lille innkjøpsordninga vart mindre enn budsettet.

Av midlar avsett til disposisjon for barne- og ungdomslitteratur vart det gitt desse tilskotta:

Barnebladet Magne .....	kr. 15 000
Norsk Barneblad .....	» 7 500
Den norske nasjonalkommisjon for Unesco, barnebokseminar (tilsegn gitt i 1971) .....	» 15 000
Noregs Boklag, prentetilskott til nye utgåver av Sverre By: «Turid og dei andre» og Knut Gjengedal: «Kronekongen og andre soger» ..	» 6 000
Til saman .....	kr. 43 500

(Sjå òg 8. Stønad til nynorsk litteratur).

#### 11. Tilskott til verdfulle omsetjingar.

For 1972 vart det sett av kr. 100 000. I tillegg hadde utvalet kr. 4 500 til disposisjon frå ei bok Gyldendal fekk tilskott til i 1971, men som ikkje kom ut.

Etter tilråding frå dei to utvala (Klassikarkomiteén og Omsetjingskomitéén, sjå kap I, Utval og utgreiingar), har Rådet løyvt kr. 83 500 til i alt 20 omsetjingar. Omsetjingskomitéén som gir fråsegn om tilskott til bøker utkomne etter 1920, har tilrådd tilskott til 17 bøker. Klassikarkomiteén som handsamar søknadene om stønad til eldre utanlandsk litteratur, har tilrådd tilskott til tre bøker. Liste over dei bøkene som har fått tilskott følgjer som vedlegg nr. 11.

Omsetjingskomitéén har også tilrådd eit tilskott på kr. 10 000 til Norsk Oversetterforening til å gjere ferdig kartoteket over omsetjingar til norsk frå 1945 til idag. Arbeidet er avslutta og rapport ligg føre.

I alt er det såleis brukt kr. 89 000.

Omsetningskomitéén har også eit medlem i juryen som peikar ut kandidaten til Kulturrådets omsetjarpris, forlagsdirektør Barthold A. Butenschøn. Han var formann i juryen som elles hadde desse medlemmene: lyriken Knut Ødegård, utpeikt av Norsk Litteraturkritikerlag, og programsekretær Ellif Straume, universitetslektor Åse-Marie Nesse og omsetjaren Trygve Greiff frå Norsk Oversetterforenings Bastianjury. Sjå elles Litterære prisar, pkt. 6 ovanfor.

#### 12. Andre tilskott.

Ved Kgl. res. 18. februar 1972 vart det sett av kr. 155 000. I alt har Rådet gitt desse tilskotta:

Den norske Forfatterforening, ve-	
derlag for oppheva lesesirkelavgift	kr. 35 000
Norsk Bokmannslag, til litteratur-	
kurs .....	» 5 000
Nord-norsk Forfatterlag, til for-	
fattarmøte .....	» 10 000
Abo bibliotek, til kjøp av norsk	
skjønnlitteratur .....	» 10 000

Stønad til ny norsk dramatikk (sjå avsnitt 5 ovanfor) .....	»	40 000
Tilskott til Essayistikk (sjå avsnitt 2 ovanfor) .....	»	45 000
Den norske Forfatterforening, tillegg til løyving til seminar (sjå avsnitt 4 ovanfor) .....	»	2 000
Ymse honorar .....	»	4 905
Til saman brukta .....	<u>kr.</u>	<u>151 905</u>

**MUSIKK**

Til saman kom det i 1972 inn 180 søknader med samla søknadssum kr. 4 487 542 (I 1971: 152 søknader med samla søknadssum kr. 3 932 560). 35 søknader nemnde ikke søknadssum.

Ved Kgl. res. 18. februar 1972 vart avsett i alt kr. 1 600 000 med denne fordelinga:

*Spesifiserte tiltak:*

Kritisk vitskapleg utgåve av Griegs verk .....	kr.	52 000
Musikkpris 1972 .....	»	15 000
Norsk lydarkiv, eingongstilskott til kjøp av innspelingar av antikvarisk interesse .....	»	25 000
Sonja Henies og Niels Onstads Stiftelser til samarbeidsprosjekt med Den Norske Opera: Nytt norsk musikkdramatisk verk av Terje Rypdal .....	»	75 000
Den Norske Opera, honorar til Hallvard Johnsen for opera ....	»	21 000
Norsk Komponistforening til innspeling av Fartein Valen-verk	»	106 000
Norsk Komponistforening til innspeling av verk av nolevande norske komponistar .....	»	250 000
Utgiving av klassisk norsk musikk .....	»	150 000
Tilskott til debutkonsertar ....	»	30 000
Til instrument ved etableringa av Musikkhøgskulen .....	»	250 000
Til saman .....	<u>kr.</u>	<u>974 000</u>

*Avsetjingar:*

1. Tilskott til instrument ....	kr.	140 000
2. Tiltak for norsk folkemusikk og folkedans .....	»	50 000
3. Til rådvelde til tingingsverk, trykking av noter, innspeling av norsk musikk o. a. tiltak for musikk .....	»	436 000
Til saman .....	<u>kr.</u>	<u>1 600 000</u>

*Merknader:*

Kritisk vitskapleg utgåve av Griegs verk.

Arbeidet med innsamling og registrering av

Grieg-tilfang har halde fram i 1972 og er no på det nærmeste fullført. Kontrakten med Peters Verlag om utgiving av utgåva er enno ikkje i orden. Forlaget ønskjer ikkje å opprette forlagskontrakt før det ligg føre oversyn over talet på subskribentar. Nemnda vonar at dette vil vere klärlagt dei første månadene av 1973.

**Musikkpris 1972.**

Prisen for 1972 vart gitt til Gunnar Sønstevold for komposisjonen «Litani i Atlanta» som hadde fyrstegongsframstilling under Festspillene i Nord-Norge 1972.

**Norsk lydarkiv.** Arkivet vart oppretta i 1965 som ein del av Norsk Musikksamling ved Universitetsbiblioteket i Oslo. Arkivet trøng ein sum til å kjøpe antikvarisk interessante innspelingar og opptak av norske kunstnarar som leiringa kan komme over og uventa få høve til å kjøpe. Det kan gjelde overføringer til band som samlarar eig der samlaren ikkje er viljig til å selje, men går med på overføring til lydband til arkivering i Norsk lydarkiv.

**Sonja Henies og Niels Onstads Stiftelser**

til samarbeidsprosjekt med Den Norske Opera: framstilling av eit musikkdramatisk verk av Terje Rypdal, basert på teksten til høyrespelet «Orfeus vender seg og ser på Eurydice» av den danske forfattaren Kai Nissen. Rypdal skreiv verket for Kunstsenteret. Det vart framført 6 gonger i juni 1972.

**Den Norske Opera.**

Honorar til Hallvard Johnsen for opera bygd på boka «Legenden om Svein og Maria» av Alfred Hauge. Honoraret var kr. 36 000. I tillegg til kr. 21 000 som Rådet ga i 1972 kjem kr. 15 000 som vart ledig ved at Nordisk Kulturfond dekte utgiftene til operaen «Et fjelleventyr» av Alfred Janson, der Norsk kulturfond tidlegare hadde gitt kr. 15 000. Operaen får premiere september 1973.

**Norsk Komponistforening** til innspeling av Fartein Valen-verk. Det har lenge vore eit ønskjemål å få ei samla innspeling av alle verka til Fartein Valen. I 1971 fekk Komponistforeninga ei særstundig avtale med Norsk Riksringkasting om innspeling av Fartein Valen-verk. Rådet såg det verdfulle i planen, og ga kr. 106 000 i tillegg til den summen Komponistforeninga får kvart år til innspeling av verk av nolevande norske komponistar (sjå nedanfor).

**Norsk Komponistforening** til innspeling av verk av nolevande norske kom-

ponistar. I 1972 har Komponistforeninga gjort desse innspelingane:

Conrad Baden: Concertino for klarinett og strykkere  
 Conrad Baden: Intra Sinfonica  
 David Monrad Johansen: 7 sanger, op. 6  
 David Monrad Johansen: 10 norske barnerim, op. 14  
 David Monrad Johansen: Violinsonate, op. 3  
 Sigurd Berge: Blåsekvintett for de unge  
 Arne Nordheim: Poly-Poly (elektronisk)  
 Hallvard Johnsen: Symfoni nr. 3  
 Gunnar Sønsteved: Quadri  
 Fartein Valen: Violinkonsert  
 Fartein Valen: Epithalamion

Komponistforeninga meiner at grammofonplater er det beste hjelpemedel når det gjeld å gjøre norsk musikk kjend både heime og i utlandet. Norsk kulturråds rådgivande utval for musikk har tilrådd at Norsk kulturråd får til ei utgreiling om arbeid for norsk musikk i utlandet. Rådet sette av kr. 40 000 (sjá Utval og utgreilingar) til dette arbeidet. Utanriksdepartementet, Kulturavdelinga, Norsk Rikskringkasting og Komponistforeninga har sagt seg viljig til å utarbeide ei oversyn over dei tiltak som er i gong. På det grunnlaget vil Rådet vurdere om ein bør freiste å finne nye vegar og kven som bør setje eventuelle nye tiltak i verk.

#### Utgiving av klassisk norsk musikk

Redaksjonsutvalet for utgiving av klassisk norsk musikk (sjá Kap. Utval og utgreilingar) har gått i gong med innspelingane av klassisk norsk musikk. Innspeling av Kjerulf-romansar, klaverstykke og songar for mannskor vil ligge føre på nyåret 1973. Avtaler er gjort med kunstnarar om innspeling av Agathe Backer-Grøndahl-songar og verk av Eyvind Alnæs og Johan Svendsen. Samstundes med plateutgivingane førebud utvalet utgiving av alle Kjerulfs romansar som noter. I første halvdel av 1972 gjorde utvalet i samarbeid med grammofonselskapa eksperimentopptak med 4 kanals stereo (quadrofoni). Eksperimenta har vist at systemet og da særskild avspelingssystemet enno ikkje er nok uteksperimentert. Opptaka blir difor gjort slik at dei no kan spelast med 2 kanals stereo. Seinare, når quadrofoni er nok uteksperimentert, kan verka spelast av med 4 kanals stereo.

#### Tilskott til debutkonsertar

Rådet sette av kr. 30 000 til debutkonsertar som ei forsøksordning, som Rikskonsertane

administrerer. Tilskottet er avgrensa til 3—4 debuterande kunstnarar kvart år. Tilskottet skal gå til kunstnarar med særlege kvalifikasjonar, vurderte av ein jury. Tilskottet blir nytta til 3—4 presentasjonskonsertar rundt i landet og ein offentleg konsert i Oslo eller Bergen. I 1972 vart juryen så seint oppnemnd at kunstnarane måtte få tilskottet på etterskott. Tilskott vart gitt til violinistane Endre Kleve og Terje Tønnesen, og til pianistane Tore Dingstad og Wolfgang Plagge. Prøvespel for dei som vil debutere i 1973 vart halde desember 1972, og tilskott vil bli gitt etter dei opphavlege retningslinene.

**Instrument for Musikkhøgskulen**  
 Musikkhøgskuleundervisning vart sett i gang frå hausten 1972. Rådet tek sikte på å gje tilskott til å kjøpe instrument til Musikkhøgskulen i 1973 òg.

#### 1. Tilskott til konsertinstrument.

Tilskott blir først og fremst gitt til amatørsymfoniorkester som driv konsertverksemد, og til flygel i samfunnshus, der eit godt instrument er naudsynt for at Rikskonsertane kan gje konsert der. Rikskonsertane og NASOL har vore med ved vurderinga av søknadene. Desse tilskotta er gitt:

#### *Flygel, piano:*

Meldal Samfunnshus, flygel .....	kr. 8 000
Måsøy kulturnemd, flygel .....	» 6 000
Kvæfjord kulturnemd, konsert-	
piano .....	» 5 000
Musikkens Venner, Andøy, flygel .....	» 8 000
Nordmøre Folkehøgskole, flygel .....	» 10 000
Fylge Bl. Kor, piano .....	» 3 500
Askvoll Amatørorkester, piano .....	» 5 000
Helgeland Hornmusikkrets, piano .....	» 8 000
Stavanger Kunstforening, flygel .....	» 8 000
Lom lokallag av Musikkens Venner, flygel .....	» 8 000
Skjåk lokallag av Musikkens Venner, flygel .....	» 8 000

#### *Andre instrument:*

Groruddalen Orkesterforening, instrument .....	» 5 000
Østfold Ungdomsorkester, Sarpsborg, instrument .....	» 5 000
Tromsø Domkor, cembalo .....	» 5 000
Nord-Østerdal Symfoniorkester, 2 waldhorn .....	» 3 500
Musica Viva, Bergen, instrument .....	» 3 500
Narvik Byorkester, obo .....	» 4 000
Trondheim Kretsfengsel, instrument til orkester .....	» 5 000
Trondhjems Handelsstands Forenings Orkester, paukar .....	» 3 000

Hareid og Ulstein fellesorkester, obo .....	> 3 000
Kristiansund Symfoniorkester, waldhorn .....	> 3 000
Det norske brassband «Metronom 66», instrument .....	> 2 000
Follo Orkesterforening, fagott ..	> 4 000
Lillehammer Byorkester, cembalo ..	> 5 500
Frol Orkester, paukar .....	> 4 000
Solør — Sør-Østerdal Orkester- forening, fagott .....	> 3 000
Fredrikstad Byorkester, fagott ..	> 4 000
Til saman .....	kr. 140 000

Dessutan gav Rådet desse tilsegsna for 1973 under føresetnad av at restfinansieringa vart ordna lokalt/kommunalt:

Brummunddal Orkesterforening, flygel .....	kr. 10 000
Lødingen Folkeakademi, piano ....	> 5 000
Straume Mannskor, flygel .....	> 10 000
Ballangen Kulturnemnd, flygel ..	> 8 000

## 2. Tiltak for norsk folkemusikk og folkedans.

Ved Kgl. res. vart avsett kr. 50 000. I tillegg til denne summen kom kr. 23 000 som ikkje vart nytta i 1971 og som vart ført over til å dekkje utgifter til å etablere Samarbeidsrådet for folkemusikk og folkedans.

Utalet som gav Innstilling om tiltak for folkemusikk og folkedans vurderte i 1972 òg dei søknadene som låg føre da avsetjinga vart fordelt. Desse tilskotta er gitt:

Torkjell Haugeruds Minnefond, grunnkurs i hardingfelespel .....	kr. 7 000
Landslaget for Spelemenn, di- striktsvise domarkurs .....	> 10 000
Noregs Ungdomslag, spelemanns- kurs .....	> 7 000
Landslaget for Spelemenn og Noregs Ungdomslag:	
a. innsamling av folkedanstradi- sjonar .....	> 15 000
b. bygdedansseminar .....	> 9 000
c. etterreising av ein bygdedans- tradisjon («Drevjapolsen», Hå- logaland) .....	> 3 000
Til saman .....	kr. 51 000

Kyrkje- og undervisningsdepartementet godkjende med brev av 7. januar 1972 at det vart oppretta eit samordningsråd for folkemusikk og folkedans. (Sjå årsmelding 1971 kap. musikk pkt. 2.). I samsvar med framlegg frå organisasjonar og institusjonar oppnemnde Rådet 30. august desse medlemmene:

Dosent Ola Kai Ledang — Den nasjonale fagseksjon for musikk for universiteta Redaksjonssekretær Rolf Myklebust — NRK Professor Hampus Huldt-Nystrøm — NAVF (varamann dosent Ola Kai Ledang)
Skolekonsertsjef Leif Braseth — Riks- konsertane
Egil Bakka — Noregs Ungdomslag (varamann Ragna Bjørkum)
Jon Stuvøy — Landslaget for Spelemenn (varamann Jon Mæland)
Dosent Olav Bø — Norsk kulturråd (vara- mann lektor Arnt Bakke, Tromsø)

Samstundes vedtok Rådet i samråd med Kyrkje- og undervisningsdepartementet at sekretariatet skulle vere i Trondheim, ved Universitetet/Lærarhøgskolen der. Rådet for folkemusikk og folkedans hadde konstituerande møte 20. oktober 1972 og valde dosent Olav Bø til formann og dosent Ola Kai Ledang til viseformann.

Av kr. 22 000 som var til rådvelde for Folkemusikkrådet brukte rådet i 1972 kr. 6 560. Differansen, kr. 16 440, lar Kulturrådet stå til rådvelde for Folkemusikkrådet i 1973.

## 3. Til rådvelde til tingingsverk, trykking av noter, innspeling av norsk musikk o. a. tiltak for musikk.

Musikkutvalet har vurdert søknader om tilskott til tingingsverk, til å trykke noter, og til å spele inn norsk musikk på plater. Rådet har gitt desse tilskotta:

<i>Tingingsverk, komponisttevlingar:</i>	
Norges Landssangerforbund til tevling om eit verk som fellesnum- mer ved skule- og ungdomsfesti- valen i Haugesund 1972 .....	kr. 5 000
Jazzfestivalen i Molde, tingings- verk .....	> 12 000
Påskefestveke i Oslo, tevling om orgel- og vokalmusikk .....	> 6 500
Søreide friviljuge sokneråd, til tev- ling om kyrkjemusikk til opninga av Søreide kyrkje .....	> 13 500
Filharmonisk Selskap, tingingsverk av Johan Kvandal .....	> 20 000
Rikskirkessangfesten for barnekor i Haugesund, tingingsverk av Kjell Mørk Karlsen .....	> 4 000
Liturgikommisjonen, Kyrkje- og undervisningsdepartementet, pre- miar for gode salmemelodiar ....	> 10 000

<i>Tilskott til prenting av notar:</i>	
Metodistkyrkja i Skien: til å gi ut salmebok med nye salmemelo- diar .....	kr. 20 000

Norsk Musikforlag, trykningstil-skott Egil Hovland: Variasjoner for obo og klaver .....	kr. 700	Andre formål .....	kr. 50 000		
Norsk Musikforlag, trykningstil-skott Egil Hovland, Rhapsody 69..	» 3 500	Musica Sacra, Heinrich Schütz-fest	» 5 000		
Norsk Musikforlag, Egil Hovland: Concertino for 3 trumpets and strings .....	» 3 100	Valdres Trekspillklubb, Noregs-meisterskap .....	» 3 000		
Norsk Musikforlag: Johan Kvan-dal:Concerto for flute and strings	» 2 500	Pro Musica Antiqua, turné med konsertar i mellomalderkyrkjer..	» 10 000		
Norsk Musikforlag: Johan Kvan-dal: Sinfonia Concertante, Opus 29	» 6 300	Stokke kommune, konsert .....	» 2 250		
Norsk Musikforlag, Sigurd Berge: Chroma .....	» 3 400	Ny Musikk, til å vere med i Fest-spillene i Bergen og Jazzfestivalen på Kongsberg .....	» 9 000		
<i>Innspeling av LP-plater:</i>					
NOPA — vol. nr. 10 i Light Music-serien .....	kr. 25 000	Ny Musikk, konsert på Høvikodden .....	» 2 000		
Arbeidernes Opplysningsforbund.		Norsk Komponistforening,			
LP-plate med arbeidarsongar .....	» 13 500	Nordiske Musikkdaggar .....	» 20 000		
Wilhelm Hansen Musik-Forlag.		Fartein Valen Selskapet, minne-konsert .....	» 5 000		
LP-plate med verk av Arne Nordheim .....	» 4 000				
<i>Seminar, kurs, profesjonell instruksjon:</i>					
Musikkonservatoriet i Oslo, strykarkurs .....	kr. 18 700	<i>Andre tiltak:</i>			
Frøydis Ree Hauge, kurs for horn-istar .....	» 2 000	Eivind Groven, til å gi ut «Tem- perering og renstemming» på tysk	» 4 000		
Sunnmøre Kristelige Songarlag, instruksjonskurs .....	» 2 000	Arne Dørumsgaard, antologi med originalopptak (Nina og Edvard Grieg, Borghild Langaard o.a.) av Grieg-verk .....	» 15 000		
Rikskonsertane, profesjonell instruksjon av amatørsymfoni- orkester .....	» 20 000	Til saman .....	kr. 434 380		
Alesund Kirkekor, korseminar....	» 2 500				
Harry Rishaug, seminar for blå- sarar i Trøndelagsdistriktet .....	» 12 000	Dessutan er desse tilskotta gitt til musikk-tiltak av avsetjinga til Generell disposisjon (Sjå nedanfor, Andre formål):			
Norges Organistforbund, orgel- byggkonferanse .....	» 3 630	Riksjubileet, tingingsverk av Klaus Egge og Egil Hovland .....	kr. 40 000		
NASOL, vinterkurs .....	» 10 000	Operaugen i Kristiansund 1972..	» 20 000		
Tromsø Musikklærerforening, seminar .....	» 1 300	Filharmonisk Selskaps Orkester, harpe .....	» 30 000		
Landslaget i Skolen, seminar ....	» 5 000	Torkjell Haugeruds Minnlefond, tilskott til bok om Myllarguten og Haavard Gibøen .....	» 12 000		
<i>Festivalar, konsertar, turnear:</i>		Filharmonisk Selskaps Orkester, turné i Nord-Norge (sjå disp. mu- sikk) .....	» 50 000		
Festspillene i Nord-Norge, urfram-föring av Gunnar Sønstevold: Litani i Atlanta .....	kr. 20 000	Norske Trekkspilleres Landsfor- bund, jury ved meisterskapsspel- veke .....	» 1 000		
Festspillene i Nord-Norge, vise- verkstad .....	» 5 000	Ålesund Kirkekor, musikkveke ..	» 5 000		
Symfoniorkestret i Trondheim, turné i Nord-Norge med Willi Boskovsky .....	» 20 000	Cæciliaforeningen, Fredrikstad, tingingsverk av Nystedt/Ellingsen	» 7 000		
Ung Nordisk Musikkfestival, til- skott til norsk deltaking .....	» 20 000	Til saman .....	kr. 165 000		
Tromsø Byorkester, konsert .....	» 4 000				
Hammerfest Musikkforening, konsertar ved 100-års jubiléet....	» 10 000	Dessutan har Rådet gitt desse tilsegnene for 1973:			
Filharmonisk Selskap, turné i Nord-Noreg sumaren 1973 (sjå øg		Noregs Høgskulelærarlag til ut- giving av Sparre Olsen-songar til 70-årsdagen hans (april 1973)	kr. 30 000		
		Opera-uken i Kristiansund til å framføre Den Glade Enke .....	» 25 000		
		Det Norske Solist-kor, USA-turné 1973 .....	» 25 000		
		Festspillene i Nord-Norge, kon-			

sert med Finnmark Symfoni-	
orkester/Alta Motettkor .....	kr. 20 000
Norges Musikkhandlerforbund. Til	
jury ved «Ungdommens Pianomester» .....	» 5 000
Filharmonisk Selskap, tingings-	
verk av Arne Nordheim .....	» 20 000
Wilhelm Hansen Musik-Forlag,	
til å spele inn verk av Arne Nord-	
heim saman med Mogens Ellegaard	» 3 500
Sonja Henies og Niels Onstads	
Stiftelser, arrangement med Mor-	
ton Subotnik .....	» 4 000
Hamar Tourist Service. Garanti	
for konsert ved janitsjarfestival	
sumaren 1973 .....	» 5 000
Til saman .....	<u>kr. 137 500</u>

Ei førebuande arbeidsgruppe har utarbeidt ein rapport om friviljuge musikkaktivitetar for barn og ungdom (sjå årsmelding 1971, kap. Musikk pkt. 3). Arbeidsgruppa gjer framlegg om at Rådet oppnemner eit utval til å greie ut heile saksområdet, og at det tek med dei kommunale musikkskulane som i dag blir drivne etter ulike reglar i dei ulike kommunane. Rådet vil handsame denne saka i samband med budsjettet for 1973.

Etter oppdrag frå Kulturrådet har Arne Nordheim gjort ei utgreiing om studio for elektronisk musikk. Utgreiinga er send til fråsegn til Musikkhøgskulen, NRK, Komponistforeninga og Kunstsentrret på Høyvikaodden. Utgreiinga vil bli handsama av Rådet i samband med budsjettet for 1973.

Nordnorsk Musikkråd leverte landsdelsplan for musikklivet i Nord-Norge 11. desember 1972. Tilstades ved overleveringa var representantar for Kyrkje- og undervisningsdepartementet, Nordnorsk kulturråd og Nordnorsk Musikkråd, Rikskonsertane og Norsk kulturråd. Planen vart førebels drøfta ved overleveringa, og Rådet vil drøfte han vidare med departementet, Rikskonsertane og fylka i 1973.

Norsk kulturråd har vendt seg til Komponistforeninga og vist til prøveordninga med tilskott til debutkonsertar og spurt om det kunne vere bruk for ei liknande ordning for komponistdebutantar. Komponistforeninga meiner at problema ikkje er dei same for komponistar og gjer framlegg om at Rådet gjev tilskott til presentasjons-konsertar. Foreninga gjorde samstundes framlegg om at det blir sett av ein garantism for førstoppføringa av verk av norske komponistar. Foreninga bed dessutan om ei støtteordning for nye norske opera og orkesterverk.

#### BILETKUNST OG BRUKSKUNST

I 1972 kom inn i alt 193 søknader (i 1971: 181) med ein samla søknadssum på om lag 4 millionar kroner. 54 av desse nemner ikkje søknadssum. Søknader om større tilskott til reparasjonar, ombygging av kunstgalleri eller nybygg er rekna med under Kap. om Kulturbrygg. Søknader om lån frå Materialfondet er heller ikkje tekne med i desse tala.

Ved Kgl. res. i 1972 vart gitt desse tilskotta og gjort vedtak om slike avsetjingar:

#### Spesifiserte tiltak:

Rolf Stenersen-samlinga i Ber-	
gen, avsetjing til kjøp av kunst-	
samling .....	kr. 500 000
Norske Grafikere, forsøksverk-	
semrd med artotek i norske bib-	
liotek .....	» 60 000
Norske Grafikere, forsøksverk-	
semrd med «Grafikernes Utstil-	
lings-Service» .....	» 100 000
Norsk Billedhoggerforening, for-	
søksverksemrd med «Skulptur-	
kontor» .....	» 100 000
Kunst i Skolen, utgiving av bi-	
lettmappa «Norge vårt land» (i	
samband med 1100-års jubileet	
for Rikssamlinga) .....	» 40 000
Kunst på Arbeidsplassen, kjøp	
av norsk biletvev .....	» 40 000
Fredrikstad Kunstforening, ar-	
rangement av Internasjonal	
Grafikk Biennale .....	» 20 000

#### Avsetjingar:

1. Kunstarleg utsmykking av	
offentlege bygg og anlegg ..	» 1 650 000
2. Kjøp av norsk samtidskunst	» 200 000
3. Stønad til debuterande kunst-	
narar .....	» 80 000
4. Til rådvelde for utstillingar	
og andre eingongstiltak ....	» 360 000
5. Avsetjing til Materialfondet	» 150 000

Til saman .....	<u>kr. 3 300 000</u>
-----------------	----------------------

I tillegg vart det av avsetjinga til Generell disposisjon nytta kr. 39 300 til 4 biletkunsttiltak. Sjå Kap. Andre formål.

#### Merknader:

Rolf Stenersen-samlinga i Bergen: I 1971 vedtok Rådet å gi tilsegn om i alt 1,5 mill. kr. til å kjøpe ei samling norsk og internasjonal kunst. Samlinga som tilhørde Rolf Stenersen var på om lag 200 kunstverk og er verdsett til mellom 20 og 30 mill. kr. Kjøpesummen var 3 mill. kr. og 1,5 mill. kr. er innsamla lokalt. Bankane i Bergen har gitt lovnad om å finansiere eit

nybygg for kunstsamlinga. Rådet sette av kr. 500 000 til føremålet i 1972 og vedtok å fordele utbetalinga av resten av tilsegnet med kr. 500 000 i 1973 og kr. 500 000 i 1974.

**Norske Grafikere:** I 1971 og 1972 har Rådet løyvd til saman kr. 112 000 til forsøksverksem med artotek i norske bibliotek. I samråd med Statens bibliotektilsyn har Norske Grafikere gitt 22 bibliotek ei samling på 10 grafiske blad kvar. Kunstverka blir lånte ut på same måte som bøker. Desse biblioteka er med i forsøksverksemda: Fredrikstad, Førde, Hammerfest, Nannestad, Odda, Ringenrike, Rjukan, Stathelle, Vadsø, As, Harstad, Lillehammer og Fåberg, Ulstein, Kolvereid, Nord-Fron, Hoff, Nes, Sigdal, Risør, Arendal og Halden. Statens bibliotektilsyn opplyser at artotekordninga har vore ein suksess med stort utlån. Norske Grafikere har fått melding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet om at utgifter til artotekverksem vil kunne bli refundert over statsbudsjettet frå og med 1973, i samsvar med den nye biblioteklova.

I 1972 løyvde Rådet kr. 100 000 til ei prøveordning med «Grafikernes Utstillings-Service», og ga tilsegn om ytterlegare kr. 100 000 til føremålet i 1973. «Grafikernes Utstillings-Service» skal drive opplysningsverksem om norske grafikarar og fremje omsetjing av grafikk. Rådet ser dette tiltaket som eit første steg til å få i stand ei permanent ordning som økonomisk kan bli sjølvfinansierande gjennom økte provisjonsinntekter.

**Norsk Billedhoggerforening** fekk på same måte som Norske Grafikere ei løyving på kr. 100 000 og tilsegn om ytterlegare kr. 100 000 for 1973 til forsøksverksem med eit «Skulpturkontor». Skulpturkontoret skal drive opplysningsverksem om norske biledhoggarar og fremje sal av skulptur. Verksemda hittil har gått med til å samle inn opplysningar om norske biledhoggarar, fotografering av kunstverk, utarbeide standardkontraktar og førebu salsutstillingar.

**Kunst i Skolen:** Løyvinga er nyitta til å få i stand ei mappe med originalgrafikk i samband med Riksjuilet i 1972. Biletmappa «Norge vårt land» er laga i 250 eksemplar og Kunst i Skolen opplyser at storparten av opplaget er selt. Kunstnarane Kaare Espolin Johnson, Håkon Bleken, Bjørn Hegranes, Terje Grøstad og Frantz Widerberg har laga eit grafisk blad kvar og tilskottet frå Kulturfondet har finansiert honoraret til kunstnarane. På denne måten kunne utsalsprisen på biletmappa setjast så lågt som kr. 750.

**Kunst på Arbeidsplassen:** Løyvinga er nyitta til å kjøpe biletvevnader som Kunst på Arbeidsplassen vil presentere saman med fotomontasje, tekster om arbeidsmetode o.a. i 2 mindre utstillingar som skal turnere blant medlemmene. Tilskottet frå Kulturfondet har finansiert kjøp av biletvevnader frå kunstnarane Eli Marie Johnsen, Anne Sæland, Tor Hognestad og Tove Mosebekk.

**Fredrikstad Kunstforening** arrangerte hausten 1972 den første Internasjonale Grafikk Biennale i Norden. Utanom Rådet ga Utanriksdepartementet (kr. 15 000), Østfold fylke (kr. 10 000), og Fredrikstad kommune (kr. 35 000) økonomisk stønad til å finansiere dette arrangementet. Over 200 kunstnarar frå 54 land var representerte. Av midlar til rådvelde for utstillingar har Rådet og løyvd kr. 5 000 til ein pris, slik at Norsk Internasjonal Grafikk Biennale i alt har fått kr. 25 000 i tilskott frå Kulturfondet.

#### 1. Kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg og anlegg.

Avsetjinga til kunstnarleg utsmykking skal nyttast til utsmykkingsoppgåver ved alle statlege, fylkeskommunale, kommunale og andre offentlege bygg og anlegg. Innan den noverande budsjettet er det uråd å løyse alle desse oppgåvene på ein rimeleg måte, men Rådet har etter beste skjøn prøvd å fordele dei årlege avsetjingane til kunstnarleg utsmykking på ein slik måte at alle landsdelar har vore tilgodesett. I åra 1966—72 har midlane vore fordelt slik:

Austlandet:	3,6 mill. kr.
	(kr. 1,90 pr. innbyggjar)
Sørlandet:	0,6 mill. kr.
	(kr. 1,25 pr. innbyggjar)
Vestlandet:	1,9 mill. kr.
	(kr. 2,75 pr. innbyggjar)
Trøndelag:	0,6 mill. kr.
	(kr. 1,75 pr. innbyggjar)
Nord-Noreg:	1,8 mill. kr.
	(kr. 4,00 pr. innbyggjar)

Statlege bygg har i desse åra fått 108 løyvingar på til saman 5,9 mill. kr., medan andre offentlege bygg har fått 115 løyvingar på til saman 2,6 mill. kr.

I innstillingane S. nr. 268 (1969—70), S. nr. 33 (1970—71) og S. nr. 39 (1972—73) frå Kyrkje- og undervisningsnemnda i Stortinget har nemnda bede Kyrkje- og undervisningsdepartementet om å finne ei løysing slik at utsmykkinga av statlege bygningar i større mon enn no kjem med i den vanlege fi-

nansieringa av nybygg, slik at løyvinga til slike føremål frå Kulturfondet meir kan komme andre offentlege bygg til gode.

Rådet vil difor på nytt seie frå at det vinar Kyrkje- og undervisningsdepartementet kan finne fram til ei løysing slik at utgiftene til kunstnarleg utsmykking av nye statlege bygg blir tekne med i byggjekalkylen. Difor kan midlar frå Kulturfondet til kunstnarleg utsmykking i større mon enn no komme bygninga i distrikta til gode. Det er store uløyste oppgåver som ligg føre når det gjeld utsmykking av barne- og ungdomsskular, gymnas, sjukehus, kyrkjer, aldersheimar, rådhus, samfunnshus o. l. lokale offentlege bygg som i dag ikkje har original biletkunst. Ein sterkare innsats for desse bygningane er avhengig av at departementet finn ein annan finansieringsmåte for utsmykking av statlege bygningar, eller at løyvingane til Kulturfondet blir monaleg større.

Desse tilskotta er gitt i 1972:

*Skular:*

Kongsberg gymnas. Relieff av Øivind Hansen .....	kr. 15 000
Hallingdal yrkesskule i Al. Målarstykke av Rolf Nesch .....	» 10 000
Gjøvik tekniske skule. Skulptur av Dyre Vaa .....	» 12 000
Hardanger Folkehøgskule. Målarstykke av Ole-Gabriel Dahl..	» 10 000
Bjørkelangen skulesenter, Akershus. Skulptur av Asbjørn Høglund og applikert sceneteppe av Arne Lindaas .....	» 15 000
Jessheim skulesenter, Akershus. Skulptur av Gino Scarpa, målarstykke av Knut Flatin og materialbilete av Jan Baker .....	» 25 000
Farsund ungdomsskule. Målarstykke av Reidar Rudjord ....	» 2 000
Sogndal ungdomsskule. Avsetjing. Kunstnarleg konsulent ....	» 15 000
Sulitjelma ungdomsskule. Relieff av Finn Hald .....	» 3 000
Blomhaug skule, Gjøvik. Biletvev av Bjarne Rise .....	» 2 800
Ås ungdomsskule. Skulptur av Odd Tandberg .....	» 10 000
Tjølling ungdomsskule. Skulptur av Odd Hilt .....	» 3 400
Seljord ungdomsskule. Biletvev av Karin Sundbye .....	» 7 500
Høyanger ungdomsskule. Skulptur av Tore Bjørn Skjølsvik ....	» 15 000
Randaberg ungdomsskule. Materialbilete av Andreas Bøe .....	» 8 000

Rennesøy ungdomsskule. Skulptur av Svein M. Håvarstein ....	kr. 25 000
Gruben ungdomsskule, Mo i Rana. Relieff av M. H. Sørensen »	7 500
Vigrestad ungdomsskule. Målarstykke av Kalle Orstad .....	» 15 000
Sula ungdomsskule, Langevåg. Avsetjing. Kunstnarleg konsulent .....	» 20 000
Vikersund og Amot ungdomsskule. Kjøp av fri kunst frå utstillingar arrangert av Unge Kunstneres Samfund .....	» 12 000
Sandefjord gymnas. Skulptur av Thorbjørn Danielsen .....	» 20 000
Vang ungdomsskule, Ringerike. Veggmålararbeid av Jon Jutrem »	20 000
Vestvågøy gymnas. Kjøp av grafikk .....	» 5 000
Tjøngsfjord skule. Kjøp av grafikk .....	» 5 000
Kvæfjord ungdomsskule . Kjøp av grafikk .....	» 10 000
Aheim ungdomsskule. Kjøp av grafikk .....	» 5 000
Alesund Maskinistskule. Avsetjing. Kunstnarleg konsulent »	40 000
Skuleanlegget Slåtthaug i Fana. Avsetjing. Kunstnarleg konsulent .....	» 75 000
Halden lærerskule og gymnas. Applikert sceneteppe av John Risan og relieff av Siri Aurdal..	» 80 000
Fauske off. skule. Biletvev av Bjørg Heggstad Jakkhelln ....	» 10 000
Huseby off. skule for blinde. Utlån av skulptur frå Norsk Billedhoggerforening .....	» 2 000

*Kyrkjer:*

Metodistkyrkja i Larvik. Relieff av John G. Nielsen .....	kr. 3 000
Moflag kapell, Lurøy. Altartavle av Niels Nilsskog .....	» 3 000
Henningsvær kyrkje. Glassmålararbeid av Victor Sparre ....	» 8 000
Bakke kapell, Eiker. Biletvev av Siri Blakstad .....	» 2 000
Ringerike krematorium. Biletvev av Siri Blakstad .....	» 7 500

*Andre lokale offentlege bygg:*

Seljord ungdomslag. Målarstykke av Ørnulf Meidel .....	» 10 000
Oppdal svømmehall. Relieff av Sivert Donali .....	» 15 000
Rissa Herredshus. Relieff av Oscar Bergsaune .....	» 5 000
Sørbrandal samlingshus. Kjøp av grafikk .....	» 5 000

Lunner Rådhus. Målarstykke av Erling Merton .....	kr.	10 000	Relieff av Odd Hilt .....	kr.	4 500
Gjøvik kristelige ungdomsforening. Skulptur av Skule Waksvik »		2 500	Verdal postkontor. Målarstykke av Karl Kr. Hildrum .....	»	6 000
Det nordnorske studenthjem.			Statens attføringsinstitutt i Trondheim. Skulptur av Karl Johan Flaathe (omframlyving) »		1 000
Målarstykke av K. E. Harr .... »		3 500	Til førebuande arbeid og kon-sulenthonorar .....	»	28 500
<i>Sjukehus:</i>			Til saman .....	kr.	<u>1 650 000</u>
Mohagen sykehjem, Enebakk. Kjøp av grafikk og målarstykke »		10 000	Tilskott gitt til kunstnarleg utsmykking i 1972 fordeler seg med kr. 946 300 til statsbygg og kr. 703 700 til kommunale og fylkeskom-munale bygg.		
Vanylven sjukeheim. Kjøp av grafikk .....	»	5 000			
Stavanger Røde Kors. Biletvev av Mossen og Aage Storstein ..	»	10 000	Av tilsegner gitt i åra 1969—72 reknar Rå-det med desse utbetalingane i 1973:		
Ålesund Fylkessjukehus. Kunst-verk av Kaare Espolin Johnson, Tore Gunnar Olsen, Oddvar Tors-heim, Ørnulf Oppdahl, Berit Soot Kløvig, Knut Rose, Kåre Martinsen, Odd Tandberg, Audun Hetland, Arvid Eikvik, Finn Henrik Bodvin, Kåre Heram og K. Myrseth .....	»	100 000	Universitetet i Bergen. Skulptur av Arne Vinje Gunnerud. (Til-segn 1970) .....	kr.	200 000
Stavanger Røde Kors. Kjøp av målarstykke og grafikk .....	»	15 000	Universitetet i Trondheim. Kun-stnarleg utsmykking av Torget på Gløshaugen. Konkurranse. (Til-segn om i alt kr. 800 000 vart gitt i 1971) .....	»	200 000
<i>Statlege bygg:</i>			Universitetet i Oslo. Skulptur til Odontologi-Biologibygget. Kon-kurranse. (Tilsegn 1972) .....	»	150 000
Førde postkontor. Skulptur av Ludvig Eikaas (omframlyving) »		10 300	Norges Idrettshøgskole. Kjøp av fri kunst. (Tilsegn 1969) .....	»	70 000
Statens Hus i Sandvika. Skulp-tur av Arnold Haukeland .....	»	150 000	Huseby off. skole for blinde.		
Havforskningsinstituttet i Ber-gen. Skulptur av Per Ung, relief av Ole Johan Tørud, målarstykke av Kjerstin Øvreli og inn-kjøp av grafikk .....	»	90 000	Kunstnarleg konsulent (Tilsegn 1969) .....	»	50 000
Universitetet i Tromsø. Målar-stykke av Erik Werenskiold og grafikk av Kaare Espolin John-son og Ulf Dreyer .....	»	45 000	Slåtthaug-anlegget i Fana. Kun-stnarleg konsulent (Tilsegn 1971) ..	»	50 000
Studentsentret ved Universitetet i Bergen. Applikert sceneteppe av Marit Hauge .....	»	7 500	Kristiansand Teater. Veggdekora-sjon av Henrik Finne (Tilsegn 1971) .....	»	150 000
Universitetet i Oslo. Biletvev av Brit Fuglevaag Warsinski, relieff av Finn Henrik Bodvin, må-larstykke av Jakob Weidemann, Inger Sitter, Gunnar S. Gundersen og Arne Malmedal og til kon-kurranse om utsmykking av Odontologi-Biologibygget .....	»	207 500	Eik off. lærerskole. Kunstnarleg konsulent (Tilsegn 1972) .....	»	50 000
Norges Idrettshøgskole. Kjøp av fri kunst .....	»	70 000	Statens Landbruksmaskinistskole.		
Universitetet i Bergen. Skulptur av Søren Georg Jensen, Odd Tandberg og Arne Vinje Gun-nerud .....	»	200 000	Kunstnarleg konsulent (Tilsegn 1972) .....	»	30 000
Rikshospitalet. Veggmålararbeid av Ludvik Eikaas .....	»	110 000	Til saman .....	kr.	<u>950 000</u>
Barnepsykiatrisk senter på Sogn.					

**2. Kjøp av norsk samtidskunst.**

Utvælet for kjøp av norsk samtidskunst har til oppgåve gjennom kjøp å sikre for det offentlige kunstverk innafor områda målarstykke, skulptur, grafikk og teikningar, som utvælet meiner har særskild kunstnarleg verdi. I retningslinene heiter det vidare at kjøp bør kunne stimulere mot og interesse hjå kunstnarar til å lage kunstverk utan omsyn til mogleg sal. Kjøpa har ikkje som mål å skape ei kunstsamling med indre samanheng eller annan representativ natur. Kunstverka skal før eller seinare plasserast i offentlege bygg

der dei kjem ålmenta til gode. I åra 1968—71 er det kjøpt i alt 413 kunstverk, og storparten av desse er gitt som gåver til samfunnshus i Finnmark, Troms, Nordland, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Aust- og Vest-Agder, Telemark, Vestfold og Buskerud.

I 1972 har utvalet kjøpt 147 kunstverk. Av desse er 55 målarstykke, akvarellar, materialarbeid og biletvev, 11 skulpturar og 81 grafiske blad og teikningar. (Sjå vedlegg nr. 12). Utvalet har vitja utstillingsinstitusjonar i Harstad, Bodø, Trondheim, Bergen, Stavanger, Bryne, Kristiansand, Skien, Tønsberg, Oslo, Lillehammer og Moss. Når utvalet vitjar utstillingsbyar utanfor Oslo kjøper utvalet alltid kunstverk som er laga av kunstnarar frå distriktet. I 1972 er 57 % av løvyinga til norsk samtidskunst brukt til kjøp på utstillingar i Oslo, 43 % er brukt til kjøp elles i landet. I alt har utvalet vitja 159 utstillingar.

Oslo Kunstforening har mot ei godt gjersle tatt på seg arbeidet med mellombels lagring og administrasjon av kjøpte kunstverk. Inntil avgjerd om plassering er teken, kan kunstverka disponerast av institusjonar som arbeider med kunstutstillingar, og Selskapet Kunst på Arbeidsplassen har i dei siste åra fått låne kunstverk til å supplere eigne vandreutstillingar.

### 3. Stønad til debuterande kunstnarar.

Kunstnarar som berre svært lite har vore med på kollektive utstillingar og som skal ha si første separatutstilling, kan søkje om tilskott til materialutgifter. Styret for Materialfondet handsamar alle søknader og gir tilråding om tilskott bør bli gitt og kor stort tilskottet bør vere. Sjå retningslinene i års meldinga for 1969, vedlegg nr. 16.

I 1972 har desse kunstnarane fått tilskott i samband med debututstilling:

Mette Holst. Unge Kunstneres Samfund .....	kr. 2 000
Asbjørn Boyesen. Kunstner forbundet .....	» 2 090
Kjell R. Hansen. Unge Kunstneres Samfund .....	» 2 500
Oddmund Raudberget. Kunstner forbundet .....	» 4 000
Olav Søgnen. Galleri 1, Bergen ..	» 4 000
Trygve Løwe. Oslo Kunstforening	» 4 000
Bodil Strømsted. Unge Kunstneres Samfund .....	» 4 000
Turid Holter. Kunstneres Hus..	» 4 000
Ingjerd Dillan. Unge Kunstneres	

Samfund .....	kr. 2 500
Torstein Rusdal jr. Galleri Elementa .....	» 4 000
Jan Radlgruber. Oslo Kunstforening .....	» 4 000
Olaug Halsteinrud. Unge Kunstneres Samfund .....	» 4 000
Øivind Brune. Unge Kunstneres Samfund .....	» 4 000
Knut H. Larsen. Unge Kunstneres Samfund .....	» 4 000
Eva Lange Lind. Unge Kunstneres Samfund .....	» 4 000
Magne Austad. Haugesund Kunstforening .....	» 4 000
Anne Lindvik. Unge Kunstneres Samfund .....	» 4 000
Elly Johnsen. Galleri Henrik, Eidsvoll .....	» 2 926
Berit Jersin Stenersen. Galleri Elementa .....	» 4 000
Christen Halle. Galleri Elementa Vemund Vierhaug. Galleri Elementa .....	» 3 000
Knut Flatin. Kunstner forbundet .....	» 3 500
Kaja T. Skjælaaen. Unge Kunstneres Samfund .....	» 3 500
Inger Sæverud. Galleri 1, Bergen ..	» 4 000
Tove Strømme Barth. Kunstner forbundet .....	» 4 000
Karl E. Nilsen. Kunstner forbundet .....	» 3 000
Bjørn W. Mortensen. Oslo Kunstforening .....	» 3 000
Svein Rønning. Bergen Kunstforening .....	» 3 000
Bjørn Brusdal. Unge Kunstneres Samfund .....	» 3 000
Elisabeth Hjelle. Oslo Kunstforening .....	» 3 000
Kai Øvre. Unge Kunstneres Samfund .....	» 3 000
Bjørn Krzywinski. Galleri 1, Bergen .....	» 3 000
Jarle Rosseland. Unge Kunstneres Samfund .....	» 3 000
Nina Sundbye. Kunstner forbundet .....	» 3 000
Trygve Lønaas. Unge Kunstneres Samfund .....	» 2 500
G. Tørvund. Unge Kunstneres Samfund .....	» 2 000
Til saman .....	kr. 129 016

Avsetjinga til debuterande kunstnarar var i 1972 kr. 80 000. Overskridninga, kr. 49 016, er dekt frå avsetjinga til Utstillingar og andre eingongstiltak og Andre formål.

**4. Tilskott til utstillingar og andre eingongstiltak.**

Desse tilskotta er gitt:

*Utstillingar:*

Kunstner forbundet, Bergens	
Kunstforening og Trondheim	
Kunstforening. Utstillinga «Britisk maleri 1945—70» .....	kr. 20 000
Nasjonalgalleriet. Rolf Nescht utstilling. Garanti .....	» 50 000
Kunstnergruppa «Park», Oslo. Utstilling .....	» 6 000

*Seminar:*

Galleri F 15. Seminar for norske kunstforeningar .....	» 20 000
Bildende Kunstneres Styre. Seminar om ny organisasjon for bilet-kunstnarar .....	» 15 300
Unge Kunstneres Samfund.	
Trykking av seminarrapport ....	» 3 200

*Udstyr:*

Oslo Kunstforening. Kjøp av lys-anlegg .....	» 7 300
GRAS atelier, Oslo. Kjøp av lito-grafipresse .....	» 5 000
Kunstnargruppa «De tre», Oslo.	
Kjøp av litografipresse .....	» 5 000
Vinjeutstillinga. Til lysutstyr ..	» 5 500
Tønsberg Kunstforening. Kjøp av grafikkrammer .....	» 2 000

*Illustrasjon av kunstbøker:*

H. Aschehoug & Co. Illustrasjoner av Th. Eigner til boka «Hvit-symre i utslatten» av Hans E. Kinck .....	» 7 000
Det Norske Samlaget. Illustrasjoner av Harald Kihle til boka «Guro Heddelid» av Jørund Telnes ....	» 15 000

*Monument:*

Ragnvald Vaage-minnet. Monument over R. Vaage, laga av Ståle Kyllingstad .....	» 30 000
Andreas Haukland-komitéen. Monument over A. Haukland, laga av Hjalmar Hansen .....	» 25 000
Fløterkomitéen, Flisa. Monument over tømmerfløteren, laga av Odd-mund Raudberget .....	» 30 000
Romerike Historielag. Monument over Asbjørn Dørumsgard, laga av Ragnhild Butenschøn .....	» 10 000
Selskapet for Skien Bys Vel. Monument over Knud Ramshart Ørn, laga av Dyre Vaa .....	» 10 000

*Andre tiltak:*

Nasjonalgalleriet. Konserverings-arbeid .....	kr. 5 000
Oslo Kunstforening. Administra-sjon og lagring av norsk samtids-kunst .....	» 18 000
Norges Husflidslag. Konkurranse om biletvevkartongar .....	» 25 000
Riksgalleriet. Kjøp av byste av Tarjei Vesaas, laga av Gunnar Janson .....	» 17 000
Fredrikstad Kunstforening. Pris i samband med Internasjonal Grafikk Biennale .....	» 5 000
Universitetet i Trondheim. Kon- kurranse om emblem for univer-sitetet .....	» 4 000
Omframlyving til stønad for de-buterande kunstnarar .....	» 19 700
Til saman .....	kr. 360 000

**5. Materialfond for biletkunstnarar.**

Styret for Materialfondet har i 1972 hand-sama 40 lånesøknader. Etter tilråding frå styret har Rådet gitt 31 søkjavar lånetilseg-ner på til saman kr. 253 620. Til støyping av skulpturar har 14 bilethoggjarar fått låne kr. 179 200, medan resten er lånt til målarar, grafikarar og tekstilkunstnarar.

**Økonomisk oversyn over Materialfondet 1965—1972:**

Avset-jingar kr.	Lånetil-segner kr.	Utbeta-lingar kr.	Betalt attende kr.
1 630 000	1 757 606	1 526 122	325 351

Rådet har i 1972 ettergitt eit lån på kr. 27 671. Lånet var knytta til 2 skulpturar som bære ved eit uhell vart totalskadde.

I 1965—72 har Rådet gitt i alt 206 kunstnarar lånetilsegner på til saman kr. 1 757 606. Av denne lånesummen har 116 bilethoggjarar fått låne kr. 1 208 000, 39 grafikarar kr. 260 000, 37 målarar kr. 170 000 og 14 andre kunstnarar har fått låne kr. 119 000.

Om retningslinene for Materialfondet viser vi til årsmeldinga for 1965, vedlegg nr. 2.

**Utlån av Munch-grafikk.**

Som eit forsøk for 3 år vedtok Rådet i 1969 å stille garanti mot skader ved depo-nering av inntil 200 blad Munch-grafikk frå Oslo Kommunes Kunstsamlinger i lokale brannsikre kulturbygg i Noreg. I 1972 vedtok Rådet å fornye avtala med Oslo Kommunes Kunstsamlinger fram til 31. desember 1974.

Dei første grafiske blad frå Munch-museet vart lånte ut til Tromsø Museum og Trondhjems Kunstforening i 1970. I 1971 og 1972 har Alta Bibliotek, Rana Bygdemuseum, Fylkesmuseet i Grenland og Stavanger Faste Galleri fått samlingar av Munch-grafikk. I alt er det lånt ut 137 blad av dei 200 grafiske arbeid som avtala gjeld. Låneordninga har virka fullnøyande, og det er ikkje kome inn meldingar om skader av nokon art på dei grafiske blad som er lånte ut.

### FILM

Ved Kgl. res. av 18. februar 1972 vart avsett kr. 350 000, delt slik:	
Fri kunstnarleg kortfilm .....	kr. 250 000
Andre filmtiltak .....	» 100 000
Til saman .....	kr. 350 000

I 1972 kom det inn 48 søknader med samla søknadssum kr. 2 151 710. (I 1971 37 søknader med samla søknadssum kr. 1 781 710). Av desse galdt 42 tilskott til kortfilm med samla søknadssum kr. 1 976 072.

#### *Fri kunstnarleg kortfilm.*

Søknadene om tilskott til fri kunstnarleg kortfilm vart vurderte av ein jury med desse medlemmene: instituttstyrar Jon Stenklev, formann, filmregissør Nils R. Müller, oppnemnd av Norske Filmprodusenters Forening og filmfotograf Erling Thurmann-Andersen, oppnemnd av Norsk Filmforbund.

I samsvar med innstilling frå juryen gav Rådet desse tilskotta:

Laila Bull Tuhus: Kortfilm om forsøksgymnaset i Oslo .....	kr. 58 500
Bjørn Breigutu: Den siste skoledagen .....	» 73 000
Anja Breien: Film om Bendik Sjur .....	» 61 000
Per Blom: En tre fabel .....	» 71 500
Til saman .....	kr. 264 000

Overskridinga, kr. 14 000, vart dekt av avsetjing til Andre filmtiltak. Sjå nedanfor.

#### *Andre filmtiltak:*

Rådet har gitt desse tilskotta:	
Underskott på avsetjing til fri kunstnarleg kortfilm .....	kr. 14 000
Smalfilmseminar ved Festspillene i Nord-Norge .....	» 15 000
Norsk Filminstitutt, trykkingstilskott til Leif Sinding «En filmsaga» .....	» 5 000
Elinor film v/ Oddvar Einarson,	

råfilm til dokumentar-opptak frå 1. mai 1972 .....	kr. 15 000
Nordisk Film- og TV-union til stipend ved nordisk seminar om scenografi .....	» 3 000
Til saman .....	kr. 52 000

Den udisponerte summen, kr. 48 000, vart ført over til avsetjing til Andre formål etter vedtak i Rådet.

Ved Kgl. res. 1971 vart avsett kr. 60 000 til produksjonspremie eller premiar for eit særskilt talentfullt arbeid. Då berre 4 kortfilmar vart visningsklare i 1971 vart summen overført til 1972 til det same formålet. I 1972 vart 10 kortfilmar visningsklare. Dei vart vurderte av ein jury med desse medlemmene: redaktør Per Hovdenakk, formann, Thore Kinge, oppnemnd av Norske Filmprodusenters Forening, Gunnar Svensrud, oppnemnd av Norsk Filmforbund og Johan Haarberg, oppnemnd av Norske Filmklubbers Forbund. I samsvar med innstilling frå juryen vart summen delt med kr. 30 000 til kvar av dei to filmregissøraane Bredo Greve for kortfilmen «Vi er alle broilere» og Oddvar Einarson for kortfilmen «Kilroy».

Da Rådet ikkje kjem til å setje av nokon særskild sum til filmformål for 1973, er alle søknader om støtte til kortfilm sendt til Kyrkje- og undervisningsdepartementet for å bli vurderte av Statens kortfilmutval. Om dette utvalet finn verdifulle prosjekt blant søkerne, er Rådet budd på å gi tilskott frå avsetjinga til Andre formål. Vi viser til det som er sagt i Kap. II, Koordinering med statsbudsjettet, om at årvisse tilskott til denne del av kortfilmproduksjonen, fri kunstnarleg kortfilm, naturleg høyrer heime på statsbudsjettet.

### KULTURVERN

I alt kom i 1972 inn 195 søknader (1971: 188) med ein samla søknadssum på kr. 9 689 225 (1971: kr. 6 989 815). 30 av søkerne nemnde ikkje søknadssum. I dette talet er ikkje medrekna eit oversyn frå Riksantikvaren som gjeld 275 prosjekt med om lag kr. 21 700 000 som søknadssum. Søknader om større tilskott til nybygg ved musea, større ombyggings- og innreiingsarbeid er handsama under KULTURBYGG, og registrerte der.

Ved Kgl. res. av 18. februar 1972 vart i alt avsett 3,2 mill. kr. til kulturverntiltak. Inkludert i denne summen var kr. 200 000 som hadde gått attende til fondet, då tilsegnat til Kongsberg Arbeidersamfund ikkje vart realisert.

**Spesifiserte tiltak:****a. Tiltak ved kulturhistoriske musé.**

Fylkesmuseet Telemark og Grenland, kjøp av Nordigard Berdal..	kr. 110 000
Voss Fylkesmuseum, restaurering av Nesheimtunet .....	» 90 000
Ibsenhuset/Grimstad Bymuseum, etterreising av Reimann-apoteket	» 80 000
Stiftelsen Rød Herregård, innvendes restaurering av hagesalong..	» 50 000
Skimuseet, sprinkleranlegg .....	» 100 000
Askim historielag, flytting av Holt gard til bygdetun .....	» 50 000
Til saman .....	<u>kr. 480 000</u>

Fylkesmuseet Telemark og Grenland. Tilskottet til å kjøpe Nordigard Berdal vart vedteke av Norsk kulturråd i 1971. Nordigard er eit tun på til saman 9 hus og 12 mål grunn. Hovudbygning, loft og bur høyrer til det beste som finst i Vest-Telemark. Museet fekk tilbod om å kjøpe tunet for kr. 220 000. Lokal innsats frå fylke og kommune er kr. 110 000.

Voss Fylkesmuseum. Restaurering og istandsetjing av Nesheimtunet. Norsk kulturråd løyvde kr. 85 000 til å kjøpe tunet i 1970. NKKM seier at tunet er sær verdfullt antikvarisk, men delar av arbeidet utvendes kan ein vente med eller finansiere på anna vis.

Ibsenhuset / Grimstad Bymuseum. Atterreising av Reimann-apoteket. Totalkostnadene er rekna til kr. 132 000. Riksantikvaren har tilrådd søknaden. Apoteket er eit tømra bygg frå siste helvta av 1700-talet. Her arbeidde Henrik Ibsen dei første åra av læretida si i Grimstad. Grimstad Bymuseum vil nytte apoteket som utstillingsbygg for dei verdfulle etnografiske, kulturhistoriske og arkeologiske samlingane.

Stiftelsen Rød Herregård. Innvendes restaurering av hagesalong. Norsk kulturråd har tidlegare løyvd kr. 85 000 til arkivbygg og kr. 35 000 til utvendes restaurering av hagesalongen. Søknaden er vel dokumentert og vart sterkt tilrådd av Riksantikvaren.

Skimuseet. Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer seier at samlingane er verdfulle og av ein særskild karakter.

Askim historielag. Flytting og restaurering av kjøpmannsgarden Holt til Askim bygdetun. Historielaget ønskjer å få i stand eit handelsmuseum for Indre Østfold i bygningen. I fyrste omgang ønskjer laget å flytte bygningen til bygdetunet og å få han under tak. Totale kostnader er rekna til kr. 200 000, lokal innsats kr. 90 000.

**b. Tiltak for berging av kulturhistorisk verdfulle hus, anlegg og miljø.**

Tyholmen i Arendal .....	kr. 187 500
Adresseavisens gard, Kongens gate 4, Trondheim, flytting og attreising .....	» 250 000
Svanøy hovedgard, Sogn og Fjordane .....	» 100 000
Stiftelsen Drøbak hospital .....	» 50 000
Heimigard, Valle i Setesdal, rekonstruksjon av løe frå mellomalderen .....	» 50 000
Til saman .....	<u>kr. 637 500</u>

Tyholmen i Arendal. Rådet gav i 1971 ei tilsegn over 8 år om til saman kr. 1 500 000 til å restaurere fire bygningar på Tyholmen i Arendal. Fyrste avsetjing var i 1972.

Adresseavisens gard, Kongens gate 4, Trondheim. Flytting og attreising av freda bygning på kommunal grunn i Trondheim. På denne måten blir det mogeleg å la det gamle Svaneapoteket bli verande ved Torget, og det sentrale bybilete blir uendra.

Svanøy hovedgard, Sogn og Fjordane. Rådet løyvde kr. 50 000 i 1971. Garden er freda. Riksantikvaren har tilrådd at ein held fram med å restaurere garden.

Stiftelsen Drøbak hospital. Hospitalet er ein freda bygning frå slutten av 1700-talet. Bygningen har tent som gamleheim dei siste 60 åra fram til 1970 då han vart teken i bruk som soknehus. Det er sær viktig for miljøet rundt den gamle kyrkja at bygningen blir restaurert og blir brukt.

Heimigard, Valle i Setesdal. Rådet løyvde kr. 15 000 i 1968 til å restaurere loftet frå mellomalderen. Kjernen i den noverande driftsbygningen er frå mellomalderen, og han skal no flyttast og reconstruerast på same eigedom.

**c. Andre spesifiserte tiltak.**

Norsk Veteranskibsklubb, restaurering av D/S «Børøysund» .....	kr. 31 000
Universitetets oldsaksamling, utstilling av norske kunstsaker frå mellomalderen som er i utanlandske eige .....	» 135 000
Registrering av faste kulturminne i Noreg .....	» 200 000
Til saman .....	<u>kr. 366 000</u>

Norsk Veteranskibsklubb. Rådet har gitt tilsegn om ei sluttloyying til å restaurere D/S «Børøysund» i 1972. Rådet har tidlegare løyvd kr. 40 000 til dette. Ein kan no nytte skuta i passasjertrafikk.

Universitetets Oldsaksamling fekk tilsegn om kr. 135 000 til utstilling av norske kunstsaker frå mellomalderen. Museet arrangerte utstillinga i samband med feiringa av 1100-årsminnet for rikssamlinga. Jamvel om utstillinga vart ein stor suksess, vart ho dyrare enn dei hadde rekna med. Rådet ga difor ei tilleggsloyming på kr. 31 500 av midlar til generell disposisjon.

Registrering av faste kulturminne i Noreg. Rådet vedtok i 1971 å setje i gong ei total registrering av faste kulturminne i Noreg. Rådet peika ut eit styre med representantar for Norsk kulturråd, Riksantikvaren, Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer, Foreningen til norske Fortidsminnesmerkers Bevaring, Miljøverndepartementet, landbruket og universiteta den 20. mars 1972. Arkitekt, førstekonservator Arne Berg er formann. Mandat for styret fylgjer som vedlegg nr. 13 til årsmeldinga. Arkitekt MNAL Erik Aas jr. er engasjert som leidar for sekretariatet frå 1. januar 1973. Rådet sette av kr. 200 000 i 1972. Då sjølve arbeidet fyrst kjem i gong frå 1973 vil den delen av loyminga som står att frå 1972, kr. 156 300, bli ført over til 1973. Kr. 43 700 er nyttå som godt gjersle til styret og gitt som tilskott til fylkeskonservatoren i Hordaland til å registrere faste kulturminne og kulturlandskap i Nordhordaland (kr. 25 000), og til Terje Bodøgaard til å registrere kystarkitektur i Helgeland (kr. 4 000).

#### d. Fornminnetiltak.

*Hoveneset, Aust-Agder, gravrøyser frå bronsealderen som er truga av hyttebygging .....	kr. 50 000
Vistehola, Rogaland, buplass frå steinalderen, kjøp av grunn ....	» 50 000
Skipshellaren på Straume, Hordaland, buplass frå steinalderen, kjøp av grunn .....	» 45 000
Løsetstranda, Møre og Romsdal, gravrøyser, kjøp av grunn .....	» 5 000
Geite, Levanger, Nord-Trøndelag, rike gravhaugar, kjøp av grunn..	» 50 000
	kr. 200 000

\* Ei avtale mellom Grimstad kommune og Universitetets Oldsaksamling har sikra fornminnefeltet på Hoveneset utan at det vart naudsynt med kjøp. Tilskottet er difor blitt ført over til å sikre fornminne på Penne, Lista.

Dei tilskotta som er gitt, er i samsvar med tilråding og prioritering frå Fornminneutvalet. Engasjementet av ein fornminnespektør vart slutt i 1971. Prøveordninga hadde då vart i 3½ år og Rådet såg seg ikkje i

stand til å halde ordninga ved lag i 1972. Jamvel om Rådet gav si tilråding var det ikkje mogeleg for departementet å få stiltinga som fornminneinspektør over på statsbudsjettet i 1972.

#### e. Konserveringstiltak.

Innvik kyrkje, restaurering av presteportrett .....	kr. 30 000
Stavanger Museum, innreiling av konserveringsatelier .....	» 100 000
Kvernes kyrkje, konservering av tak- og veggdekorasjonar .....	» 25 000
Til saman .....	kr. 155 000

Innvik kyrkje. Innvik hovudkyrkje eig ei verdfull samling av 12 presteportrett. Alle portretta har vore mykje hardhendt restaurert tidlegare og er i svært ring stand. Sjølv restaureringsarbeidet blir no utført ved det mellombels kyrkjeatelieret for Vestlandet.

Stavanger Museum. Museet fekk i 1971 kr. 500 000 til å kjøpe bygningen «Frue Meieri», der museet tek sikte på å innrei eit konserveringsatelier. Tilskottet går til innreiling av bygningen og konserveringsutstyr.

Kvernes kyrkje. Det er Foreningen til norske Fortidsminnesmerkers Bevaring som eig kyrkja. Kyrkja har rike tak- og veggdekorasjonar som det er naudsynt å restaurere. Rådet løyvde kr. 25 000 i 1966 og kr. 23 000 i 1967 til same formålet.

#### Avsetjingar til ikkje spesifiserte føremål.

Resten av kulturvernmidla vart delt slik på dei ulike områda:

1. Omframtiltak ved dei kulturhistoriske musea .....	kr. 390 000
2. Berging av kulturhistorisk verdfulle hus, anlegg og miljø	» 450 000
3. Lokalhistorie .....	» 200 000
4. Konserveringstiltak .....	» 50 000
5. Til rådvelde til andre tiltak..	» 271 500
Til saman .....	kr. 1 361 500

#### 1. Omframtiltak ved kulturhistoriske musé.

Desse har fått tilskott i 1972:	
Stjørdal Museum, til å flytte ei seterbu .....	kr. 14 000
De Samiske Samlinger, etablingsutgifter .....	» 30 000
Rollag Bygdetun, til å flytte ein stovebygning .....	» 35 000
Ivar-Aasen Museet, til å innrei de studierom m. m. ....	» 15 000

Glomdalsmuseet, til å sikre ein gamal rie .....	kr. 14 000	Skogadalsbøen, Sogn og Fjordane, til å reparere to seteranlegg ....	kr. 40 000
Nordlands Fylkesmuseum, til å byggje eit storbåtnauast .....	» 50 000	Rognskogtunet, Halsa, Møre og Romsdal, restaureringsarbeid ....	» 40 000
Skaun Museumslag, til å reparere ei stove .....	» 5 800	Til saman .....	<u>kr. 450 000</u>
Lunde Sogelag, til å restaurere ein dam, byggje vassrenne og kvern- kall .....	» 4 000		
Verdal Museum, til å reparere eit bekk-kvernanlegg .....	» 25 000	Dessutan er gitt tilsegn for 1973: Verneplan for gamle handels- og gjestgivarstader i Hordaland ....	kr. 100 000
Sigdal og Eggedal Museum, til å setje opp ei seterbu .....	» 7 000	Lærdalsøyri, Sogn og Fjordane, til å rehabilitera og setje istand gamle bustadsmiljø .....	» 200 000
Aust-Agdermuseet, til å setje opp ei klokkarbu .....	» 60 000	Lensmannsgarden i Bakke, Sira, Vest-Agder, til å reparere hus ..	» 10 000
Herøy Historielag, til å reparere ei stove .....	» 5 000		
Sætergårds Samlinger, Tolga, til å registrere og setje opp samlinga Eiker Historielag, til å kjøpe hus- bunad .....	» 15 000		
Jevnli i Blakseter, til å reparere bygningar .....	» 14 000		
Dalane Folkemuseum, til å kon- servere jernsaker i museet .....	» 20 000		
Inderøy Bygdemuseum, til å flyttje ei låve .....	» 27 000		
Romsdalsmuseet, Fiskerimuseet på Hjertøya, til båtbyggjeri .....	» 15 000		
Velfjord Historielag, til å reise opp att ei smie .....	» 4 000		
Ikkje disponert .....	» 200		
Til saman .....	<u>kr. 390 000</u>		

Dessutan er det gitt tilsegn for 1973:  
Stiftelsen Rød Herregård, til å  
restaurere hagesalongen innven-  
des .....

kr. 50 000

## 2. Restaurering og istandsetting av kultur- historisk verdifulle hus og anlegg.

### Tilskott 1972:

Universitetets Oldsaksamling, til å restaurere Isegran, Fredrikstad	kr. 20 000
Lidtunet, Suldal, Rogaland, re- staureringsarbeid .....	» 50 000
«Festningsbyen», Kongsvinger, til å restaurere tre hus i Øvrebyen..	» 100 000
Skippergt. 11, Tromsø, til å re- staurere sidefløy som skal nyttast til vevstove for husflidslag .....	» 50 000
Egelands Verk, Gjerstad, Aust- Agder, restaureringsarbeid .....	» 50 000
Gulskogen, Skoger, Buskerud, til å restaurere hovudbygningen som nyttast som kunstgalleri .....	» 50 000
«Yris hotell», Eid, Sogn og Fjor- dane, til å berge eit freda anlegg	» 50 000
Sandbuseter, Russlien i Vågå og	

Skogadalsbøen, Sogn og Fjordane, til å reparere to seteranlegg ....	kr. 40 000
Rognskogtunet, Halsa, Møre og Romsdal, restaureringsarbeid ....	» 40 000
Til saman .....	<u>kr. 450 000</u>

Dessutan er gitt tilsegn for 1973:  
Verneplan for gamle handels- og  
gjestgivarstader i Hordaland .... kr. 100 000  
Lærdalsøyri, Sogn og Fjordane,  
til å rehabilitera og setje istand  
gamle bustadsmiljø ..... » 200 000 |

Lensmannsgarden i Bakke, Sira,  
Vest-Agder, til å reparere hus ..

## 3. Lokalhistorisk arbeid.

Søknadene om tilskott til lokalhistorisk  
arbeid blir vurderte av eit sakkunnig utval,  
sjå kap I, Utval og utgreiingar. Ved Kgl. res.  
i 1972 vart det sett av kr. 200 000 til lokal-  
historie.

På rådsmøte i desember vart det løyvd  
kr. 2 500 i tillegg av Generell disposisjon til  
dette formålet. I 1972 er det gitt desse til-  
skotta:

Fosen Historielag, til årsskrift og medlemsvervning .....	kr. 3 000
Hadsel Historielag, til «Hofda- segl» nr. 16 og 17 .....	» 2 000
Norsk lokalhistorisk institutt, til Norsk Historisk Leksikon....	» 94 500
Finnmarksbiblioteket, til regis- terarbeid .....	» 10 000
Valdres Folkemuseum, til kurs ..	» 2 800
Norsk lokalhistorisk institutt, omframlyving til rapport frå det seminaret utvalet heldt på Lillehammer 1971 .....	» 1 423 <sup>1)</sup>
Stadnamnnemnd i Kvinnhe- rad, til innsamlingsarbeid.....	» 10 000
Årbok for Glåmdalen .....	» 7 000
Valdres Historielag, til årbok..	» 4 000
Hallingdal Historielag, til årbok	» 4 000
Hålogaland Historielag, til «Hå- løyminne» .....	» 3 500
Romerike Historielag, til «Rome- rikstun» .....	» 5 000
Dølaringen Boklag, til årbok for Gudbrandsdalen .....	» 5 000
Årbok for Senja .....	» 5 000
Samnemnda for lokalhistorisk gransking i Nidaros Bispedøm- me, til jemt-trøndersk histori- karmøte på Røros .....	» 2 600
Utsteinseminaret .....	» 17 415 <sup>2)</sup>
Ringerike kommunens fornmin- neutval til registrering .....	» 5 000 <sup>3)</sup>
Gauldal Historielag, til årbok..	» 3 000

Agder Historielag, til årbok....	kr.	5 000
Trønderlaget, til årbok .....	»	3 000
A/S Forlagsservice, til Anders H. Bergfjord: «Skule-Jacob» ..	»	3 000
Valdres Historielag, til Nils O. Bergheim: «Andris Eivindsson Vang og folkeminnearbeidet hans» .....	»	5 000
Ikkje disponert .....	»	1 261
Til saman .....	kr.	<u>202 500</u>

sehakel og messeskjorte .....	kr.	6 000
Ørland Sokneråd, til messekjorte .....	»	2 500
Øystese Sokneråd, til messekjorte fra 1663 .....	»	400
Foreningen til norske Fortidsminnesmerkers Bevaring, sikring av området kring Hoprekstad stavkyrkje .....	»	5 450
Ulvik opplysningsråd og folkeakademi, til å restaurere Figen-schous Uro-epitafium .....	»	<u>17 970<sup>1)</sup></u>
Til saman .....	kr.	<u>50 000</u>

- <sup>1)</sup> Løyvinga til Lillehammerseminaret i 1971 var kr. 25 000. Av desse sto det att kr. 8 361,25 til rapporten. Attåtløyvinga i 1972 var kr. 2 638,75 etter eit budsjett på kr. 11 000, men av denne attåtløyvinga vart berre kr. 1 423,75 nytta.  
<sup>2)</sup> Løyvinga var på kr. 20 000, men restsummen på kr. 2 585 vart dregen inn og løyvd til andre lokalhistoriske tiltak.  
<sup>3)</sup> I tillegg til denne løyvinga vart det også gitt kr. 5 000 av avsetjinga til rådvelde for kulturvern.

I dagane 22.—24. september skipa utvalet til eit seminar i samarbeid med Norsk lokalhistorisk institutt på Utstein kloster. Emnet var «De små enheters historie i bygder under urbanisering.» Innleiarar var dosent Jens Chr. Hansen (geografi), professor Knut Mykland (historie), lic.agr. Olav R. Skage (landskapsarkitektur), cand. philol. Peter Sjøholt (byplanlegging) og førstekonservator Andreas Ropeid (etnologi). Det var 26 deltakarar. Innleiingane og eit samandrag av debatten vil bli gitt ut som bok i 1973.

Utvalet har drøfta stønad til bygdebøker, men har ikkje funne fram til ei løysing som er økonomisk forsvarleg og praktisk på anna vis. Saka kan kome i ei ny stilling når løyvingane til Historisk leksikon er fullførde.

Utvalet har drøfta ein pris for lokalhistorie og arbeider vidare med framlegg til statuttar for prisen.

Dessutan er gitt tilsegner for 1973:		
Norsk lokalhistorisk institutt, til		
Norsk Historisk Leksikon .....	kr.	94 500
Agder Historielag, marin-ethnologisk registrering ved Hartvig Dannevig .....	»	30 000

#### 4. Konserveringstiltak.

Tilskott 1972:	
Holmestrand Museum og Berg-Kragerø Museum, til å konservere målarstykke .....	
kr.	7 680
Giske Sokneråd, til antependium .....	
»	7 000
Reinli Sokneråd, til antependium .....	
»	3 000
Nordre Osen Sokneråd, til mes-	

Til saman .....	kr.	<u>50 000</u>
-----------------	-----	---------------

<sup>1)</sup> Ulvik opplysningsråd og folkeakademi fekk i alt kr. 22 000. Resten av tilskottet vart teke av avsetjinga til rådvelde for kulturverntiltak.

Dessutan er gitt tilsegner for 1973:

Gimle gård, Kristiansand, til å konservere målarstykke .....	kr.	6 000
Stavanger Museum, til å innreiide konserveringsatelieret .....	»	100 000
Fylkeskonservatoren i Sør-Trøndelag, til å konservere eigne-lutar i Rørosmuseet .....	»	11 650

#### 5. Til rådvelde for andre kulturverntiltak.

Tilskott 1972:	
Valdres Folkemuseum, til å registrere rose måling i Valdresbygdene .....	
kr.	7 500
Oslo Bymuseum, transport av gamle fotoarkiv .....	
»	6 000
Loshavn Fortidsvern, til å restaurere Loshavn, Farsund ....	
»	10 000
Fylkeskonservatoren i Hordaland, til å restaurere gamle handel- og gjestgiverstader i Hordaland .....	
»	50 000
Fylkeskonservatoren i Hordaland, til å prente registreringsrapport .....	
»	5 000
Norsk Teknisk Museum, til å restaurere tekniske kulturminne..	
»	50 000
De Samiske Samlinger, tiltak ved opninga av museet .....	
»	5 000
Norske Kunsts- og Kulturhisto- riske Museer, til kontorutstyr..	
»	9 000
Norske Kunsts- og Kulturhisto- riske Museer, dagskonferanse om praktisk museumsutdanning og handbok for musea .....	
»	2 000
Universitetets Myntkabinett, til å kjøpe tetradrakme .....	
»	8 600
Ulvik opplysningsråd og folkeakademi, til å restaurere Figen-scous Uro-epitafium .....	
»	4 030
Kunstindustrimuseet i Oslo, til å restaurere tapisseri .....	
»	15 000

«Vindhellas Venner», til å reparere kongevegar i Lærdal .....	kr. 11 400
Valdres Folkemuseum, til å kjøpe grunn .....	» 25 000
Holøyen gamle skule, restaureringsarbeid .....	» 500
Fylkeskonservatoren i Akershus, til å kjøpe blankettmateriale til fotoregistrering i Akershus .....	» 5 000
Reidar Fonnебø, til å registrere Søndre Nordmannsslepa på Hardangervidda .....	» 3 500
Fornminneinspektøren, godt gjersle for ferie m.m. ....	» 2 280
Ringerike kommunenes fornminneutval, registreringsarbeid ....	» 5 000 <sup>1)</sup>
Vikedal sogelag, arbeid ved bygdetun .....	» 15 000
Hemnes Sokneråd, til å restaurere orgel .....	» 25 000
Historisk Museum, Bergen, til å kjøpe ei gammal norsk sølvkanne heim att frå England .....	» 5 600 <sup>2)</sup>
Ikkje disponert .....	» 90
Til saman .....	<u>kr. 271 410</u>

- 1) I tillegg til denne løyvinga vart det gitt kr. 5 000 av avsetjinga til lokalhistorie.  
 2) Historisk Museum, Bergen, fekk i alt kr. 17 000 til å kjøpe den verdfulle sølvkanna. Resten av tilskottet måtte Rådet ta av avsetjinga til Andre formål (Generell disposisjon).

Dessutan er gitt tilsegner for 1973:  
 Norsk Sjøfartsmuseum, til å kjøpe skonnerten «Svanen» .....

Norsk Sjøfartsmuseum, til å kjøpe skonnerten «Svanen» .....	kr. 100 000
Det Norske Samlaget, til å gi ut Aagot Noss: «Joachim Frichs draktakvarellar» .....	» 90 000
Foreningen til norske Fortidsminnesmerkers Bevaring, seminar om konservering av stavkyrkjer .....	» 47 600
Kunstindustrimuseet i Oslo, Vestlandske Kunstindustrimuseum og Stavanger Kunstforening, utstilling av Frida Hansen-vevnader..	» 40 000

Vi viser òg til oversyn over tilskott til kulturvernformål av avsetjinga til Andre Formål, sjå s. 41, med til saman kr. 55 900.

Rådet heldt 27.—29. oktober 1971 eit seminar på Lysebu om korleis ein skal registrere og take vare på gamle fotografi. På møtet 9.—11. juni 1972 sette Rådet ned eit utval som skal arbeide vidare med desse spørsmåla. Med i utvalet er: Fotograf Jac. Brun, formann, fotograf Bergljot Sinding, bibliotekar Grete Østgaard Lund, konservator Else Boye, arkivar Sofie Rogstad, fylkeskonservator Kjeld Magnussen og fylkeskonservator Johannes Sivesind. Mandatet fylgjer som vedlegg nr. 2.

vator Johannes Sivesind. Mandatet fylgjer som vedlegg nr. 2.

### KULTURBYGG

I 1972 kom inn i alt 35 søknader (i 1971: 50 søknader) med ein samla søknadssum på over 30 millionar kroner. Som nevnt under Kap. Biletkunst og Kulturvern er søknader om større tilskott til innreilingar, reparasjoner, installering av lys og lydanlegg rekna med som byggjesaker og tekne med i denne talloppgåva.

Ved Kgl. res. i 1972 vart avsett i alt kr. 7 mill., og desse tilskotta gitt:

Ibsenhuset i Skien, avsetjing nybygg .....	kr. 1 500 000
Norsk Sjøfartsmuseum, sluttløyving nybygg .....	» 2 000 000
Hedmarksmuseet og Domkirkeoddelen, sluttløyving nybygg ....	» 500 000
Kulturhus på Husnes, avsetjing nybygg .....	» 1 000 000
	<u>kr. 5 000 000</u>

Vidare vart avsett til prosjekt, forarbeid og til rådvelde for andre byggjesaker i året .....

Til saman .....	<u>kr. 2 000 000</u>
-----------------	----------------------

Til saman .....

kr. 7 000 000

### Merknader:

Ibsenhuset i Skien. Rådet har gitt tilsegn om i alt 6 mill. kr., og 4 mill. vart sett av i åra 1966—72. Huset er kostnadsrekna til ca. 27 mill. kr. Bygggearbeida starta i mai 1971 og har gått etter planen, og Ibsenhuset vil stå ferdig i august 1973. I 1972 søkte Skien kommune om ei omframlysing på 2 mill. kr. Men Rådet meinte at det ikkje kunne gå med på ytterlegare tilskott til dette prosjektet. I budsjettinnstillinga for 1972 seier Rådet at det vil betale ut resten av tilsegnet på 2 mill. kr. i 1973.

Norsk Sjøfartsmuseum. Rådet gav i 1969 tilsegn om 2 mill. kr. til finansiering av 3. byggjetrinn. Nybygget er kostnadsrekna til om lag 25 mill. kr. Byggearbeida tok til hausten 1971 og råbygget vart ferdig våren 1972. Norsk Sjøfartsmuseum har søkt om ei omframlysing på 2 mill. kr. som Rådet vil handsame i samband med budsjettet for 1973.

Hedmarksmuseet. Rådet har i åra 1968—72 løyvd i alt 2 mill. kr. til ombygging av dei gamle driftsbygningane på Domkirkeoddelen. Byggjesummen er kalkulert til 5,7 mill. kr. og byggearbeidet som starta i 1969 er venta ferdig våren 1973. Hedmarksmuseet har søkt om ytterlegare 1 mill. kr. til innreiling og utstyr. Rådet vil handsame søknaden i samband med budsjettet for 1973.

Kulturhus på Husnes. Kommunen søkte om 2,3 mill. kr. til fullfinansiering av andre byggjetrinnet, der det skal vere ein kombinert teater-, konsert- og kinosal. Første byggjetrinn med festsal, møte- og utstillingsrom, bibliotek og kontor, vart ferdig i januar 1972. Denne delen har kosta 2,5 mill. kr. og er finansiert gjennom lokale tilskott og låneoppakt. Rådet sette av 1 mill. kr. til finansiering av andre byggjetrinn og vil i 1973 gi ei sluttløyving til kulturhuset på Husnes.

*Avsetjing til andre byggjetiltak og prosjekt i 1972.*

I samsvar med tilråding frå Utvalet for byggjesaker har Rådet gitt desse tilskotta:

«Troldhaugen», innreiling av auditorium .....	kr. 40 000
Hardanger Folkemuseum, utarbeiding av planar for eldfast museumsbygg .....	» 25 000
De Heibergske Samlinger, utarbeiding av planar for eldfast museumsbygg .....	» 100 000
Drammens Museum, reising av servicebygg i Bragernesåsen ..	» 200 000
Sunnfjord Museum, reising av eldfast museumsbygg. (Rådet løyvde i 1969 kr. 150 000 til dette byggjetiltaket) .....	» 200 000
Ringve Museum, innreiling og utstyr til den store driftsbygningen ved museet. (Rådet har i 1969 og 1970 løyvd til saman kr. 700 000 til å finansiere sjølve byggjesummen) .....	» 500 000
Osterøy Museum, reising av eldfast magasin .....	» 75 000
Unge Kunstneres Samfund, innreiling av lokale i Rådhusgt. 19, Oslo .....	» 75 000
Kristiansund Kunstforening, innreiling av lokale. (I 1965 og 1969 har Rådet løyvd i alt kr. 100 000 til reising av nybygg for Kristiansund Kunstforening) » 20 000	
Bildende Kunstneres Forening i Bergen, innreiling av Kunstneres Hus «Urdi» .....	» 28 000
Seljord Kunstforening, innreiling av lokale i tilknytning til Seljord ungdomsskule .....	» 75 000
Kunstnargruppe i Sund i Lofoten, innreiling av kunstnarverkstad i «Doktorgården» i Sund ..	» 40 000
Kunstnargruppe i Hå på Jæren, innreiling av kunstnarverkstad i Kvalbein skule .....	» 40 000
Hålogaland Teater, lysanlegg ..	» 120 000

Volda aktivitetssenter, innreiling av bygnaden «Gamlegymnaset» til bruk for kulturelle føremål .....	50 000
Porsgrunn kultursenter, innreiling av kjellerlokale i Porsgrunn rådhus til bruk for kulturelle føremål .....	» 200 000
Teatermuseet i Oslo, utarbeiding av planar for teatermuseet i Nedre Slottsgt. 1, Oslo .....	» 50 000
Alesund kommune, utarbeiding av planar for nytt kulturbygg i Moa-området .....	» 10 000
Til saman .....	<u>kr. 1 848 000</u>

Kr. 152 000 går attende til Fondet til seinare bruk.

*Oversyn over langsiktige tilsegnere.*

Utan at det har vore sett av fondsmidlar har Rådet i åra 1968—72 gitt desse tilsegnene om tilskott til kulturbygg:

Konserthuset i Oslo, nybygg. Tilsegn gitt i 1968 om .....	kr. 1 500 000
Ibsenhuset i Skien, nybygg. Tilsegn gitt i 1970 om .....	» 2 000 000
Glomdalsmuseet i Elverum, nybygg. Tilsegn gitt i 1971 om ..	» 1 000 000
Kristiansand Teater, nybygg. Tilsegn gitt i 1971 om .....	» 800 000
Førdehuset, nybygg. Tilsegn gitt i 1972 om .....	» 4 500 000
Kulturhus på Husnes, nybygg. Tilsegn gitt i 1972 om .....	» 1 000 000
Stiftelsen Bryggens Museum i Bergen, nybygg. Tilsegn gitt i 1972 om .....	» 1 500 000
Kunstneres Hus i Oslo, om-innreiling. Tilsegn gitt i 1972 om ..	» 270 000
Til saman .....	<u>kr. 12 570 000</u>

Desse tilskotta vil Rådet måtte føre opp i budsjetta for åra 1973—76.

Konserthuset i Oslo. I 1968 gav Rådet tilsegn om i alt 6 mill. kr. til denne byggjeoppgåva. Hittil er 4,5 mill. sett av og 2,2 mill. kr. betalt ut til finansiering av første byggjetrinn. I skriv av 29.10.68 til Oslo Konserthus A/S streka Rådet under at resten av tilsegnet på 1,5 mill. kr. først vil kunne betalast ut når bygget er nær avslutning. Etter planen skal Konserthuset stå ferdig i 1976.

Ibsenhuset i Skien. Sjå merknad side 36.

Glomdalsmuseet i Elverum. I 1971 sette Rådet av kr. 500 000 til nybygg for Glomdalsmuseet, og gav samtidig tilsegn om ytterlegare 1 mill. kr. Kostnadene er rekna

til om lag 4,3 mill. kr., og museet søkte om i alt 2 mill. kr. Rådet meinte at den lokale finansieringa måtte aukast med kr. 500 000,—. Glomdalsmuseet har no finansieringsplanen klar og byggjearbeida starta i januar 1973. Tilsegnet på 1 mill. kr. vil Rådet betale ut med kr. 500 000 i 1973 og kr. 500 000 i 1974.

**Kristiansand Teater.** Rådet har i åra 1967—70 sett av i alt 1 mill. kr. til nytt kombinert teater- og konserthus i Kristiansand. I 1971 gav Rådet videre tilsegn om ytterlegare kr. 800 000 til dette byggjeprosjektet. Kristiansand kommune har enno ikkje gjort vedtak om reising av nybygget.

**Førdehuset.** Rådet viser til tilråding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet av 12.9.72 om Innstillinga frå Førdeutvalet, sjå vedlegg nr. 14. Kulturavdelinga i Førdeanlegget er kalkulert til om lag 9 mill. kr., og Rådet vedtok på møte 30.8.72 å gi tilsegn om i alt 4,5 mill. kr. frå Kulturfondet til løysing av denne byggjeoppgåva. Resten av kostnadene vil kommunen dekkje gjennom opptak av statlege og private lån. Planen er å starte byggjearbeida våren 1973, og at huset skal stå ferdig i 1975. Rådet har lova å fordele utbetalinga over byggjeperioden 1973—1975.

**Kulturhus på Husnes.** Sjå merknad side 37.

